


## FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

### Tidleg innsats



**Hareid Kommune**

**Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS**

- integritet, kvalitet og kostnadseffektivitet -

# Forord

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS legg med dette fram forvaltningsrevisjonsprosjektet; «*Tidleg innsats- Hareid kommune*».

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagd oppgåve for alle kommunane i Noreg, og formålet med forvaltningsrevisjonen kjem fram av kommunelova §77 nr.4 :

*” (...)Kontrollutvalget skal videre påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).*

Formålet med forvaltningsrevisjon er å sette søkelys på dagens situasjon og peike på muligheter for forbetring og vidareutvikling av den kommunale verksemد, samt avdekke eventuelle manglar.

Prosjektet er utført i samsvar til standard for forvaltningsrevisjon -RSK001.

Rapporten er utarbeida av underteikna, med innspel frå kollegaer i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. Det er føreteke vurderinger av uavhengigheit og objektivitet vedkomande dette prosjektet.

Kommunerevisjonen vil vidare takke kommuneadministrasjonen for bistand, tilrettelegging og godt samarbeid med prosjektet.

Ulsteinvik 05.01.18

Alf Marius Grønnevik

Forvaltningsrevisor

## Innhald

SAMANDRAG .....	5
Barnehagane i kommunen.....	5
Skulane i kommunen.....	5
PPT: .....	5
Problemstilling 1: Korleis blir born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen? ...	6
Problemstilling 2: I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?.....	7
Problemstilling 3: I kva grad tilfredsstiller PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift? ..	8
Anbefalingar .....	8
1    Innleiing .....	9
2    Målsetting og problemstilling .....	9
3    Revisjonskriterium .....	9
3.1 Innleiing.....	9
3.2 Kjelder til kriterium .....	9
4    Metode og gjennomføring.....	10
4.1 Dokument.....	10
4.2 Verifisering av data .....	10
4.3 Avgrensing.....	11
5 Sektor for oppvekst og opplæring – Hareid kommune .....	11
5.1 PPT.....	11
1.1.2 Grunnskulen.....	12
1.1.3 Barnehage .....	12
6 Problemstilling 1.....	12
6.1 Revisjonskriterium .....	12
6.1.1 Opplæringslova med føringar:.....	12
6.1.2 Barnehagelova: .....	13
6.2. Fakta: Barnehagane i kommunen:.....	14
6.2.1 Dekningsgrad i barnehagen .....	14
6.2.2 Tilrettelagte tiltak i barnehagen .....	16
6.2.3 Minoritetsspråklege barn. .....	17
6.3 Vurdering: .....	17
6.4 Fakta: Skulane i kommunen:.....	18
6.4.1 Nasjonale prøver.....	18
6.4.2 Spesialundervisning i grunnskulen.....	19
6.4.3 Leksehjelp .....	20
6.5 Vurdering: .....	21
6.6 Kommunen sitt arbeid knytt til tidleg innsats:.....	22

6.6.1. Systemretta og førebyggjande arbeid i barnehage og skule .....	22
6.6.2 Vurdering: .....	25
6.7 Skriftelege prosedyre knytt til tidleg innsats i barnehage og skule: .....	26
6.7.1 Fakta.....	26
6.7.2 Vurdering: .....	28
6.8 Sakkyndige vurderinger og enkeltvedtak i barnehage og skule.....	29
6.8.1 Fakta.....	29
6.8.2 Vurdering: .....	30
6.9 Konklusjon.....	30
7 Problemstilling 2.....	31
7.1 Innleiing:.....	31
7.2 Revisjonskriterium: .....	31
7.2.1 Overgang mellom barnehage og skule .....	31
7.2.2 Oppsummering: .....	32
7.3 Overgangsplan mellom barnehage og skule .....	32
7.3.1Fakta.....	32
7.3.2 Vurdering: .....	34
7.4. Samarbeid mellom barnehage og skule.....	34
7.4.1 Fakta.....	34
7.4.2 Vurdering: .....	35
7.5 Samarbeid mellom barnehage/skule og foreldre/føresette .....	35
7.5.1 Fakta.....	35
7.5.2 Vurdering: .....	36
7.6 Konklusjon.....	36
8 Problemstilling 3.....	37
8.1 Revisjonskriterium: .....	37
8.2 Fakta:.....	37
8.2.1 Organisering.....	37
8.2.2 Tilvisingar .....	38
8.2.3 Ventetid og venteliste.....	38
8.2.4 Sakshandsamingstid (sakkyndig vurdering) .....	39
8.3 Vurdering: .....	39
8.4 Konklusjon.....	40
9 Anbefalingar: .....	41
10 Rådmannen sin kommentar:.....	42

## SAMANDRAG

Kontrollutvalet i kommune gjorde i sak 10/17 vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring tidlig innsats og PPT. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningslinjer med omsyn til å identifisere barn med vanskar og yte spesialpedagogisk hjelp i barnehagar. Vidare at dei kjem tidlig i gong med spesialundervisning eller tilrettelagt undervisning i grunnskulen. I tillegg er det utarbeida ei deskriptiv analyse kring emnet der det bl.a. er sett på omfang av spesialpedagogisk undervisning, kompetanse og tiltak i barnehagar, men og resultat frå nasjonale prøver. Det er samanlikna dei ulike kommunane på Søre Sunnmøre.

### Barnehagane i kommunen

KOSTRA viste at kommunen ikkje hadde venteliste på barnehageplass (2016). KOSTRA-tal viser ein låg andel tilsette med barnehageutdanning. Administrasjonen har gitt tilbakemelding på at dette gjeld den private barnehagen i kommunen.

KOSTRA-tal viser at Hareid hadde låge driftsutgifter knytt til tilrettelagde tiltak i barnehagen. Kommunen låg over fylkes- og landsgjennomsnittet i høve andel barn som fekk ekstra ressursar (22,3%). Kommuneadministrasjonen har gitt tilbakemelding på at dette gjeld barn som har omsorgstjenester i barnehage, men som har funksjon 254 (Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende) og burde ikkje vere med i andelen. KOSTRA-rapporteringa viser derfor at Hareid har ein over gjennomsnittet høg andel barn som får ekstra ressursar, og at desse er får ressursar som er under fylkes- og landsgjennomsnittet. Hareid låg høgast når det gjaldt andel barn med minoritetsspråkleg bakgrunn samanlikna med kommunane på Søre Sunnmøre.

### Skulane i kommunen

Grunnskulen i Hareid består av 5 skular (Hareid Barneskule, Hareid ungdomsskule, Bigset skule, Hjørungavåg skule og Brandal friskule (privat). For skuleåret 2016/17 omfattar dette 598 elevar der 433 er knytt til 1.-7. årstrinn og 165 er knytt til 8.-10. årstrinn.

KOSTRA-rapporteringa viser at 5,1 % av elevane i Hareid tok i mot spesialundervisning i 2016. Dette er ein nedgang frå 2015 då 9,1 % av elevane tok i mot spesialundervisning. Rapporteringa viser også at Hareid hadde ein større andel elevar med spesialundervisning i storskulen enn i ungdomsskulen og småskulen .

### PPT:

Ulstein har felles pedagogisk- psykologisk teneste (PPT) i samarbeid med Hareid kommune. Hausten 2017 kom Ørsta og Volda inn i dette samarbeidet.

## Problemstilling 1: Korleis blir born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?

Revisjonskriterium		Kommentar
1 PPT har eit lovfesta ansvar knytt til førebyggjande arbeid også før eventuell tilvising til PPT. Dette gjeld både i barnehage og skule.		Tilbakemelding frå barnehagar og skular viser at PPT i varierande grad har gjennomført førebyggjande og systematisk arbeid i barnehagane og skulane siste åra. Dei kommunale barnehagane har delteke i systemarbeid knytt til autoritativ leiing og «kompetanseløft barnehage». I skulane var det i liten grad gjennomført systematisk og førebyggjande arbeid.
2 Skulane har ei lovfesta plikt til å legge til rette for tidleg innsats for elevar på 1.-4. klassetrinn i faga norsk, samisk og matematikk og skal rettast mot elvar med svake ferdigheiter.		Skulesektoren tildeler timeressursar knytt til styrking og/deling som skal nyttast i høve tidleg innsats. Det er rektor ved kvar enkelt skule som på bakgrunn av fordelingsnøkkelen fordelar ressursane på dei klassene/gruppene en ser det som mest hensiktsmessig. Dermed har rektor kvart år ein pott som ein kan bruke på å styrke klassene mht. tidleg innsats/tilpassa opplæring.  Skulane har felles årsplan for kartleggingsprøver og tiltaksplan for elevar som skorar lavt innanfor den tilpassa opplæringa for å sikre at elevar vert fanga opp tidleg.
3 Det skal også leggast til rette for spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder.	 	Kommunen har skriftelege rutinar i høve saksgangen knytt til spesialpedagogisk hjelp i barnehagen.  Det blei lagt til rette for spesialpedagogisk hjelp i dei barnehagane som revisjonen var i kontakt med.  Kommunen har utarbeida permen «Eit heilskapleg tilbod til born med nedsett funksjonsevne». Permen er utdatert mht gjeldande regelverk på enkelte emne og kommunen bør få revidert permen i løpet av våren 2018 slik administrasjonen har signalisert.
4 Skulen skal prøve ut tiltak for å gi eleven tilfredstillande utbytte av opplæringa. Dersom tilrettelegging ikkje er tilstrekkelig, skal eleven tilvisast til PPT .	 	Skriftelege rutinar som omfattar dette ligg føre og tilbakemelding frå både skule/barnehage bekreftar at ein kjem tidleg i gong med å prøve ut tiltak (jfr pedagogisk rapport og felles kartleggingsplan).  Ved to av skulane har ein teke i bruk tiltaksplan for tilpassa opplæring og kommunen bør vurdere om dette skal implementerast ved alle skulane.
5 Barnehagar og skular bør beskrive samarbeidet med PPT som godt.	 	Barnehagar og skular beskrev i stor grad samarbeidet med PPT som godt.  Tilbakemelding frå einingane viser at ein har hatt utfordringar med sakshandsamingstida i PPT siste åra og lange ventelister.  Einingane som har born/elevar på venteliste har forventingar til at nye PPT kjem raskt i gong med handsaming av både enkeltsaker og systemsaker.
6 Kommunen skal sørge for minimum 8 timer pr veke gratis leksehjelp for elevar. Timane kan fordelast slik som skulen sjølv ønskjer.		Ved barneskulane blei leksehjelpa gjennomført på forskjellige måtar der leksehjelpa bla. var retta mot born i SFO og framandspråklege elevar. Tilbakemelding frå einingane viste at ikkje alle elevane fekk tilbod om minimum 8 timer leksehjelp i veka i løpet av grunnskulen. Kommunen burde derfor sette i verk tiltak slik at leksehjelpa vert praktisert innanfor regelverket. Ein vurderer rettleiaren slik at skulen sjølv kan fordele timane mellom dei ulike klassetrinna så lenge alle elevar får tilbod om tilsaman 8 timer i veka i løpet av grunnskulen.  Kommuneadministrasjonen har opplyst om at praksis no er endra og at dei kommunale barne skulane er innanfor lovverket.

## Problemstilling 2: I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?

	<b>Revisjonskriterium</b>		<b>Kommentar</b>
1	Kommunen bør ha ein plan for overgang, som synliggjør premissene for overgang mellom barnehage og skule.		Kommunen har felles plan for overgang mellom barnehage og skule. Einingane nyttar den i stor grad, og planen vart revidert i januar 2017.
2	Kommunen bør legge til rette for eit koordinert samarbeid i høve overgangen mellom barnehage og skule (samarbeid mellom rektor og barnehagestyrar).	  	<p>Generelt fekk ein tilbakemelding om at overgangsplanen vart følgt og at det i hovudsak er rektor/inspektør og styrar i barnehagane som har dialog og kontakt i overgangfasen og spesielt retta mot born med vanskar/utfordringar.</p> <p>Tilbakemelding frå einingane viser at kontaktlærar i liten grad vert involvert i førskulearbeid/aktivitetat. Ein bør derfor vurdere om komande kontaktlærar i større grad skal delta i førskuleaktivitetane og i overføringssamtalene mellom einingane.</p> <p>Det går fram av planen at det skal gjennomførast hospitering mellom barnehage og skule. Dette arbeidet har i mindre grad fungert og kommunen bør setje i verk tiltak slik at dette arbeidet vert prioritert ved alle einingane. Dette arbeidet kan gi både skular og barnehagar verdifull informasjon som kan vere nyttig i høve samarbeid og overgang barnehage-skule, samt kompetanseheving blant dei tilsette som deltek.</p> <p>Det går fram av overgangsplanen (pkt 18) at det skal gjennomførast erfaringsutveksling mellom bhg og skule. I den samanheng bør kommunen vurdere om tilbakemelding frå skulen til barnehagen ved avslutta første klassetrinn bør inngå her. Ei slik tilbakemelding kan vere med å heve kvaliteten i barnehagane og gi dei verdifull informasjon som dei kan ta med seg vidare i arbeidet sitt. Ved ei slik informasjonsoverføring er det viktig å skaffe samtykke frå foreldre om tilbakemeldinga krev det.</p>
3	Alle barn bør få eit tilfredstillande møte med skulen.		<p>Alle barnehagane revisjonen var i kontakt med gav tilbakemelding om at dei siste åra hadde alle borna i førskulealder gått i barnehage, og at oppvekstkontoret får tilsendt lister over alle born i kommunen frå folkeregisteret, og skal då fange opp eventuelle barn som ikkje går i barnehage og informere skulane.</p> <p>Overgangsplanen bør reviderast mht til meir informasjon om korleis born som ikkje går i barnehage skal fangast opp og kven som er ansvarleg for dette arbeidet.</p>
4	Ved overføring av informasjon mellom barnehage og skule skal foreldre signere samtykkeerklæring.	 	<p>Alle barnehagane gav tilbakemelding på at det vert innhenta samtykke ved overføring av informasjon mellom barnehage og skule.</p> <p>Kommunen bør vurdere om samtykkeerklæringsskjemaet bør reviderast og innehalde detaljar om kva informasjon som vert overført. Dette vil kunne bidra til at foreldre/føresette i mykje større grad vert trygge på kva informasjon som vert overført, i tillegg vil eit slikt detaljert skjema kunne bidra til at skulane sitt ønskje om meir skrifteleg og standardisert informasjonsoverføring i overgangssamtalene vert oppfylt.</p>

### Problemstilling 3: I kva grad tilfredsstiller PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?

Revisjonskriterium	Kommentar
1	<p>PPT si sakkyndige tilråding og kommunen sitt enkeltvedtak skal vere utarbeida innan tre månadar etter tilvising av barnet til PPT.</p>  <p>Hareid kommune har i flg. tilbakemelding frå PPT, skulane og barnehagane over mange år hatt lang venteliste og svært lang sakshandsamingstid. Venteliste på opp til 6-7 månadar og deretter ei sakshandsamingtid på over tre månader i enkeltsaker. Enkelte einingar rapporterte om enkeltsaker der den totale sakshandsamingstida (inklusiv venteliste) hadde vore på over eit skuleår.</p> <p>No er Volda og Ørsta gått inn i felles PPT-samarbeid med Hareid og Ulstein og kommunane har mange born/elevar på venteliste. Det er viktig at PPT i tillegg til det systematiske og førebyggande arbeidet så raskt som råd startar arbeidet knytt til kartlegging og sakshandsaming slik at dei elevane som treng enkeltvedtak får dette.</p>

## Anbefalingar

1. Hareid kommune har lange ventelister i høve tilvisingar til PPT. Det er viktig at det nye PPT raskt kjem i gong med handsaming av enkeltsaker.
2. PPT bør i større grad gjennomføre systemretta og førebyggjande arbeid ute skulane, og i tillegg bidra med kompetanse- og organisasjonsutvikling.
3. Kommunen har ein eldre felles prosedyre/rutineperm for born med nedsett funksjonsevne. Denne bør reviderast/oppdaterast både mht lovheimel, organisering/ansvar og innhald.
4. Overgangsplanen bør innehalde meir informasjon om korleis born som ikkje går i barnehage skal fangast opp og kven som er ansvarleg for dette arbeidet.
5. Kommunen bør i større grad enn tidlegare involvere komande kontaktlærar i overgangsarbeid/overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.
6. Kommunen bør sikre at rutinar knytt til hospitering mellom barnehage og skule vert gjennomført og prioritert.
7. Kommunen bør vurdere om samtykkeskjema bør innehalde meir detaljar om kva informasjon som vert overført.
8. Kommunen bør setje i verk tiltak for å oppfylle krava i rettleiar mht. leksehjelp (administrasjonen har opplyst om at ein no har endra praksis).

## 1 Innleiing

Kontrollutvalet i kommune gjorde i sak 10/17 vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring tidlig innsats og PPT. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningslinjer med omsyn til å identifisere barn med vanskar og yte spesialpedagogisk hjelp i barnehagar. Vidare at dei kjem tidlig i gong med spesialundervisning eller tilrettelagt undervisning i grunnskulen. I tillegg er det utarbeida ei deskriptiv analyse kring emnet der ein bl.a. har sett på omfang av spesialpedagogisk undervisning, kompetanse og tiltak i barnehagar, men og resultat frå nasjonale prøver. Det er føreteke ei samanlikning av dei ulike kommunane på Søre Sunnmøre.

## 2 Målsetting og problemstilling

Med utgangspunkt i bestillinga frå kontrollutvalet er det utarbeida følgjande problemstillingar:

- 1. Korleis blir born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?**
- 2. I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?**
- 3. I kva grad tilfredsstiller PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?**

## 3 Revisjonskriterium

### 3.1 Innleiing

Innsamla data vil bli vurdert opp mot revisjonskriterium i form av lover, regelverk og andre relevante kommunale vedtak og retningslinjer. Kriteria vil bli utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon.

### 3.2 Kjelder til kriterium

Revisjonskriteria i dette prosjektet er utarbeida av følgjande kjelder:

- Opplæringslova:**  
Opplæringslova regulerer all opplæringsverksemd samt spesialundervisning for barn, unge og voksne. Den gjeld alle barn i opplæringspliktig alder som ikkje kan få tilfredstillande utbytte av det ordinære opplæringsstilbodet.
- Barnehagelova:**  
**17 juni 2016 fekk barnehagelova tilførd eige regelverk kring spesialpedagogisk hjelp.**  
Det går fram av §19 a. Rett til spesialpedagogisk hjelp. At barn under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp om ein har særlege behov for det. Dette gjeld også uavhengig av om barnet går i barnehage.

- Rettleiar: Overgang for barn og unge som får spesialpedagogisk hjelp eller spesialundervisning.**  
Barnehagen og skulen skal i samarbeid legge til rette for overgangen fra barnehage til første årstrinn og eventuelt til skulefritidsordninga. Dette skal skje i et nært samarbeid med heimen. Barnehagen og skulen bør ha ein god dialog og informasjonsutveksling, og det bør leggast til rette for at barn kan ta avskjed med barnehagen på en god måte, glede seg til å starte på skulen og oppleve at det er en samanheng mellom barnehage og skule. Rettleiaren gir detaljert informasjon om korleis denne samhandlinga bør skje, og korleis foreldre/førestette bør involverast.
- Forvaltningslova:**  
Det går fram av forvaltningslova §1 at lova også gjeld for spesialundervisning. Lova omfattar mange sider av sakshandsaminga. Men i forhold til prosjektet er det spesielt teke utgangspunkt i kapittel 4 om «*saksforberedelse ved enkeltvedtak*». Då spesielt med omsyn til foreldra sin rett til innsyn og involvering i dokumentasjonsoverføringa mellom barnehage og skule.

Revisjonskritereia vert vidare omtalt og utgreia i eige avsnitt under kvar enkelt problemstilling.

## 4 Metode og gjennomføring

Metode er eit samleuttrykk for dei framgangsmåtar som er nytta for å kunne svare på dei ulike problemstillingane. Vi vil basere oss på analyse av relevante dokument, rutinar, korrespondanse, samt samtaler/ intervju med administrasjonen (PPT, skuleleiinga, og barnehagestyrarar). Ein viktig del av revisjonen vil vere å gjennomføre ei spørjeundersøking/kartlegging til rektorane og barnehagestyrarane for å vurdere korleis barna i kommunen med behov for spesialpedagogisk hjelp vert fanga opp mht. tidleg innsats.

I tillegg er det gjennomført ei samanlikning av nøkkeltal mellom dei ulike kommunane mht. tidleg innsats i barnehage og skule. Tala er henta frå KOSTRA og «skoleporten» (utdanningsdirektoratet) og GSI.

### 4.1 Dokument

Dei viktigaste dokumenta vi har undersøkt er:

- Interne rutinar skule og barnehage

### 4.2 Verifisering av data

Rapporten er etter standard for forvaltningsrevisjon, sendt over til rådmannen for uttale 05.02.18 Uttalen gjeld forhold som er omtala jfr. RSK 001 i rapporten.

## 4.3 Avgrensing

Forvaltningsrevisjonen er knytt opp i mot tidleg innsats innan barnehage og skule. Sentrale lover er barnehagelova og opplæringslova, med tilhøyrande forskrifter og rettleiarar. Gjennomgang av tilpassa opplæring og korleis denne blir gjennomført er ikkje ein del av prosjektet. Det inngår heller ikkje å vurdere sakshandsaminga i forbindelse med spesialundervisning. Det er barnehage, grunnskule og PPT som er sentralt i denne forvaltningsrevisjonen og som har fokus, og ein har valt og halde helsetenester, barnevern og andre tenester utanom.

# 5 Sektor for oppvekst og opplæring – Hareid kommune

## 5.1 PPT

Hareid har tidlegare hatt felles pedagogisk- psykologisk teneste (PPT) i samarbeid med Ulstein kommune. Hausten 2017 kom Ørsta og Volda inn i dette samarbeidet. På Søre Sunnmøre har Sande og Vanylven felles PP-teneste. Herøy kommune har eiga teneste. Tenesta er heimla i opplæringslova §5-6, og lova slår fast at PPT er kommunen/fylkeskommunen sitt sakkynndige organ når det gjeld spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning.

### Årsmelding 2016 (Ulstein kommune)

«Dette året har PPT arbeidd med kompetanseheving og organisasjonsutvikling i seks ulike barnehagar. Hovudfokus har vore å utvikle gode læringsmiljø ved å kome tidleg inn og arbeide førebyggande. Tema har mellom anna vore å utvikle autoritative vaksne, møte born som subjekt og utvikle leikekompetanse for eitt- og toåringane. PPT for Ulstein og Hareid har halde fram med kompetanseheving på førebygging, avdekking og korleis stoppe mobbing. Til no har vi bistått skulane og jobba mykje med mobbing i enkeltsaker. Planen er å kome i gang med kompetanseheving for skulane hausten 2017. PPT samarbeider også med helse og skule i VIP-prosjektet på vidaregåande skule som handlar om psykisk helse. Talet på tilviste individssaker frå einingane er om lag som i fjor, medan systemsakene auka og vi nådde målet vårt på 60 saker. PPT opplever at individssakene har blitt meir komplekse, tidkrevande og med høg grad av kunnskapsbaserte tiltak. PPT ser også auke i saker der vi må skrive heilt eller delvis fritak frå opplæringsplikta.»

Målindikator	Resultat 2015	Resultat 2016
Tal på månader ventetid	5-6 mnd	7 mnd

### 1.1.2 Grunnskulen

Grunnskulen i Hareid består av 5 skular (Hareid barneskule, Hareid ungdomsskule, Bigset skule, Hjørungavåg skule og Brandal friskule (privat). For skuleåret 2016/17 omfattar dette 598 elevar der 433 er knytt til 1.-7. årstrinn og 165 er knytt til 8.-10. årstrinn.

### 1.1.3 Barnehage

Kommunen har fire heildags barnehagar, tre kommunale og ein private barnehagar. SSB-tal viser at 306 born gjekk i barnehage i 2016. 148 born gjekk i kommunal barnehage og 158 born gjekk i privat barnehage.

## 6 Problemstilling 1

**Korleis vert born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?**

- Korleis samarbeider dei ulike einingane i kommunen på dette området?

### 6.1 Revisjonskriterium

#### 6.1.1 Opplæringslova med føringar:

##### **§ 1-3. Tilpassa opplæring og tidleg innsats**

*Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lærekandidaten.*

*På 1. til 4. årstrinn skal kommunen sørge for at den tilpassa opplæringa i norsk eller samisk og matematikk mellom anna inneber særleg høg lærartettleik, og er særleg retta mot elevar med svak dugleik i lesing og rekning.*

PPT er ei lovpålagt teneste for kommunane (opplæringslova § 5-6 PPT sitt virkeområde går bl.a. på kunnskapsdepartementet sine sider at:

*«PP-tjenesten gir systemrettet støtte til barnehager og skoler i form av råd og veiledning om pedagogisk ledelse, gruppeledelse, læringsmiljø og spesialpedagogiske didaktiske spørsmål.*

*PP-tjenesten skal også støtte barnehagen og skolen med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge opplæringen bedre til rette for barn og unge med særlige behov.*

*PP-tjenesten gir individrettet støtte i form av sakkunnig vurdering i de tilfeller loven krever det.*

*PP-tjenesten kan bli spurta om råd i forhold til spesialpedagogisk hjelpe før opplæringspliktig alder (§5-7), tidleg skolestart (§2-1, tredje ledd), utsatt skolestart (§2-1, tredje ledd), tegnspråkopplæring før opplæringspliktig alder, i grunnskolen og i videregående opplæring (§2-6., §3-9)....»*

All undervisning skal ifølgje opplæringslova vere tilpassa den enkelte eleven sine evner og føresetnader. Prinsippet om tilpassa opplæring gjeld alle elevar, også elevar som treng

ekstra utfordringar. Skolen skal aktivt ta omsyn til variasjonar blant elevane gjennom læringsmiljø, metodebruk og pedagogikk. (Utdanningsspeilet 2016, s 35).

Spesialundervisning, som er heimla i opplæringslova § 5-1, er ei meir omfattande form for tilpassa opplæring.

«Tidleg innsats» betyr at ein skal sette i verk tiltak for ein elev med ein gong det er behov for det, og når som helst i skuleløpet. Det er viktig og prioritere førebygging. Prinsippet om tidleg innsats er konkretisert i opplæringslova. Her har skulane ei lovfesta plikt til å legge til rette i form av tidleg innsats for elevar på 1.-4. klassetrinn i faga norsk eller samisk og matematikk. Innsatsen skal rettast mot elevar som har svake ferdigheter i lesing og rekning, der formålet er å styrke dei grunnleggande ferdighetene i lesing og rekning på tvers av fag.

I seinare tid har det vore generelt fokus på betre tilpassa opplæring i den ordinære undervisninga, slik at elevane oppnår betre mestring og behovet for spesialundervisning kan reduserast.

I tillegg til føringane ovanfor går det fram i opplæringslova **13-7a. Plikt for kommunen til å ha tilbod om leksehjelp:**

*Kommunen skal ha eit tilbod om leksehjelp i grunnskolen.*

*Tilboden skal vere gratis for elevane. Elevane skal ha rett til å delta på leksehjelptilboden, men det skal vere frivillig om dei ønskjer å delta.*

Det går vidare fram i føreskrift til opplæringslova at:

#### **§ 1A-1. Leksehjelp i grunnskolen**

*Kommunen skal tilby leksehjelp, jf. opplæringslova § 13-7a, med til saman åtte timar kvar veke til elevar i grunnskolen. Dei åtte timane fordelast fritt på årstrinna slik kommunen avgjer. Formålet med leksehjelpta er å gi eleven støtte til læringsarbeidet, kjensle av mestring og gode rammer for sjølvstendig arbeid. Leksehjelpta skal og medverke til å utjamne sosial ulikskap i opplæringa.*

*Leksehjelpta er ikkje ein del av opplæringa til eleven, men skal sjåast i samanheng med opplæringa. Leksehjelpta skal gi eleven hjelp med skolearbeidet.*

*Kommunen er ansvarleg for leksehjelpta og vel korleis leksehjelpta skal organiserast.*

*Kommunen pliktar å informere foreldra om retten til leksehjelp og tilboden som gis.*

#### **6.1.2 Barnehagelova:**

17 juni 2016 fekk barnehagelova tilført eige regelverk kring spesialpedagogisk hjelp.

Det går fram av §19 a. (Rett til spesialpedagogisk hjelp). At barn under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp om ein har særlige behov for det. Dette gjeld også uavhengig av om barnet går i barnehage.

## **§1 Forskrift om pedagogisk bemanning**

Barnehagen skal ha en forsvarlig pedagogisk bemanning.

Barnehagen skal minst ha én pedagogisk leder per 14–18 barn når barna er over tre år og én pedagogisk leder per 7–9 barn når barna er under tre år. Ett barn til utløser krav om en ny fulltidsstilling som pedagogisk leder. Barn regnes for å være over tre år fra og med august det året de fyller tre år.

### **§ 19 c. Pedagogisk-psykologisk tjeneste**

*Kommunens pedagogisk-psykologiske tjeneste er sakkunnig instans i saker om spesialpedagogisk hjelp. Den pedagogisk-psykologiske tjenesten skal sørge for at det blir utarbeidet lovpålagede sakkunnige vurderinger.*

*Den pedagogisk-psykologiske tjenesten skal bistå barnehagen i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å tilrettelegge barnehagertilbudet for barn med særlige behov.*

### **Oppsummering**

- PPT har eit lovfesta ansvar knytt til førebyggjande arbeid også før eventuell tilvising til PPT. Dette gjeld både i barnehage og skule.
- Skulane har ei lovfesta plikt til å legge til rette for tidleg innsats for elevar på 1.-4. klassetrinn i faga norsk, samisk og matematikk og skal rettast mot elvar med svake ferdigheter.
- Det skal også leggast til rette for spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder.
- Barnehagen og skulen skal prøve ut tiltak for å gi barnet/eleven tilfredstillande utbytte av opplæringa. Dersom tilrettelegging ikkje er tilstrekkelig, skal eleven tilvisast til PPT for sakkunnig vurdering/tilråding av opplæringstiltak og eventuelt enkeltvedtak om spesialundervisning.
- Barnehagar og skular bør beskrive samarbeidet med PPT som godt.
- Kommunen skal sørge for minimum 8 timer pr veke gratis leksehjelp for elevar. Timane kan fordelast slik som skulen sjølv ønskjer.

## **6.2. Fakta: Barnehagane i kommunen:**

### **6.2.1 Dekningsgrad i barnehagen**

Ein del barnehagefaktorar er viktige med tanke på tidlig innsats. For å avdekke læringsutfordringar på eit tidleg tidspunkt er kompetanse og ressursar viktig. Ein har derfor sett på dekningsgrad og pedagogitettheit i barnehagane.

**Tabell 1: Dekningsgrad i barnehagane 1.****Hareid kommune, kommunane på Søre Sunnmøre, fylke og landsgjennomsnitt.**

2016	Hareid	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Volda	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	87,1	91,1	86,5	95,3	98,4	98,4	93,2	92,6	91,5
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år	80,9	77,5	75	87,8	90,5	89,1	87,4	84	82,6
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år	91,4	97,6	92	100	103,6	104,4	96,7	97,8	97,2

(kjelde KOSTRA)

Vi ser av tabellen ovanfor at Hareid kommune låg under fylke- og landsgjennomsnittet i høve andel barn i alderen 1-5 år med barnehageplass og saman med Sande lågast av kommunane på Søre Sunnmøre. Ser ein vidare på andelen 1-2 åringar låg Hareid også her under fylkesgjennomsnittet og landsgjennomsnittet, samt dei fleste kommunane på Søre Sunnmøre utanom Sande og Vanylven. I høve andel barn i alderen 3-5 år låg kommunen også der under gjennomsnittet for fylket og landet. Generelt såg ein at 20 % av foreldra hadde borna heime i alderen 1-2 år og 10 % av dei med born i alderen 3-5 år.

**Tabell 2: Dekningsgrad i barnehagane 2.****Hareid kommune i perioden 2010-2015.**

Hareid	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	79,7	83,1	83,3	91	91,5	92,3	87,1
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år	69,1	69,2	71,6	84,6	81,9	85,1	80,9
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år	88,3	92,6	91,7	95	96,2	96,6	91,4

Tabell 2 viser utviklinga i dekningsgraden til kommunen i perioden 2010-2016. Ein ser større svingingar i perioden der kommunen hadde lågast dekningsgrad i 2011 i høve andel barn 1-5 år med barnehageplass (79,7%). Høgast andel var i 2015 (92,3%). I 2016 var andelen på 87,1%.

**Tabell 3. Barn på venteliste**

2016	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Barn med rett til barnehageplass på venteliste	:	:	:	4	:	:	8	135	2900

Tabellen viser andel barn med rett til barnehageplass på venteliste henta frå KOSTRA.

Oversikta viser at Ulstein (4) og Ørsta (8) var dei einaste kommunane i Sjostjerna som har rapportert om venteliste i 2016.

**Tabell 4: Kompetanse blant dei tilsette i barnehagane:**

Hareid kommune 2010-2016.

Hareid	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Andel ansatte med barnehagelærerutdanning	34,2	30,9	35,1	27,3	33	35,4	31,8
Andel ansatte med pedagogisk utdanning som tilsvarer utdanningskravet til styrer/pedagogisk leder	0	2,5	1,1	0	..	3,1	2,8
Andel styrere og pedagogiske ledere med barnehagelærerutdanning	91,3	100	87,1	73,5	87,5	87,9	85,3
Andel styrere med pedagogisk utdanning som tilsvarer utdanningskravet til styrer/pedagogisk leder	0	0	0	0	..	..	25
Andel pedagogiske ledere med pedagogisk utdanning som tilsvarer utdanningskravet til styrer/pedagogisk leder	0	0	3,8	0	..	3,4	6,7
Ansatte i alt alle barnehager	76	81	94	99	88	96	107
Ansatte i alt med barnehagelærerutdanning alle barnehager	26	25	33	27	29	34	34
Ansatte i alt med pedagogisk utdanning som tilsvarer utdanningskravet til styrer/pedagogisk leder alle barnehager	0	2	1	0	..	3	3
Antall styrere alle barnehager	5	5	5	4	4	4	4
Pedagogiske ledere alle barnehager	18	19	26	30	28	29	30

Andelen tilsette med barnehagelærarutdanning har variert i mellom ca 30 - 35%. I 2016 var andele 31,8%. Ser ein dette opp i mot antal tilsette i barnehagane som har auka i perioden hadde 34 av 107 tilsette barnehagelærarutdanning i 2016.

## 6.2.2 Tilrettelagte tiltak i barnehagen

I KOSTRA går det fram informasjon om tilrettelagte tiltak gjennomført i barnehagen og går fram i tabellen nedanfor.

Funksjon 211 "Tilrettelagte tiltak" - Barnehagar	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
	2015	2015	2015	2015	2015	2015	2015	2015	2015
Brutto driftsutgifter til styrket tilbud til førskolebarn (f 211) per barn som får ekstra ressurser, alle barnehager	108 692	57 000	46 393	66 614	54 806	65 381	106 661	74 114	66 707
Korrigerete brutto driftsutgifter til styrket tilbud til førskolebarn (f 211) per barn som får ekstra ressurser, kommunale barnehager	157 000	119 125	78 941	461 600	89 447	102 162	160 537	102 831	88 556
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Alle barnehager (%)	9,8	20,8	18,1	16,7	22,3	13,4	10,3	15,6	16,4
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Kommunale barnehager (%)	12,2	17,8	14,2	7,5	28,8	15	11,5	17,1	19,8
Korrigerete brutto driftsutg. per barn, ekskl. minoritetsspråklige, som får ekstra ressurser (f211) i komm. barnehage, konsern	1 413 000	953 000	..	1 154 000	424 875	472 500	731 333	463 543	487 863
Andel barn, ekskl. minoritetsspråklige, som får ekstra ressurser, i forhold til alle barn i komm. barnehager	1,4	2,2	0	3	6,1	3,2	2,5	3,8	3,6

Oversikta viser at det er store forskjellar mellom kor mykje kvar enkelt kommune brukar på tilrettelagde tiltak til førskulebarn (både kommunale og private barnehagar). Det skal derimot nemnast at små barnegrupper kan gi stort utslag i kvar enkelt kommune. Vanylven og Ørsta hadde dei høgaste brutto driftsutgiftene til styrka tilbod til førskulebarn med hhv. 108 692 kr og 106 661kr pr barn. Dei andre kommunane hadde utgifter på mellom 46 000kr til 67 000kr. Hareid brukte 54 806kr, medan gjennomsnittet for fylket var 74 114kr.

Det er også interessant å sjå at utgiftsnivået generelt sett for alle kommunane er høgare i dei kommunale barnehagane enn i dei private. Dette kan tyde på at det vert nytta meir ressursar knytt til tiltak i dei kommunale barnehagane enn i dei private, men enkelte barn som treng ekstra store ressursar kan gjere store utslag i statistikken.

Oversiktene viser store forskjellar i andelen barn som fekk ekstra ressursar i førskulealder i dei ulike kommunane. Hareid og Sande hadde høgaste andelen med hhv. 22,3% og 20,8%. Medan Vanylven og Ørsta hadde den lågaste andelen med hhv. 9,8% og 10,3%. Herøy (18,1%), Ulstein (16,7%) og Volda (13,4%) låg rundt landsgjennomsnittet på 16,4%. Ein registrerte ikkje nokon samanheng mellom andelen born som fekk tiltak i kommunale barnehagar enn i dei private. I enkelte kommunar var det størst andel i kommunale barnehagar (Vanylven, Hareid, Volda og Ørsta) medan i Sande, Herøy, Ulstein var det størst andel i dei private. Kommuneadministrasjonen i Hareid har gitt tilbakemelding om at dette gjeld barn som har omsorgstenester i barnehage, men har funksjon 254, og som ikkje burde vere med i andelen.

### **6.2.3 Minoritetsspråklege barn.**

Alle elever har krav på tilpassa og differensiert opplæring ut frå eigne vilkår og behov. Ein skule basert på likeverd føresett at alle elever får den same moglegheit til å utvikle seg. Minoritetsspråklige barn/elevar er barn som har eit anna morsmål enn norsk eller samisk.

Auken i minoritetsspråklege barn kan gi ei utfordring for kommunane i høve å legge til rette og kunne gi dei den tilpassa opplæringa dei har krav på. Vi har derfor også sett på andelen minoritetsspråkelege barn i barnehage i dei ulike kommunane.

Minoritetsspråkelige barn 2015	Vanylven	Sande	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til alle barn med barnehageplass	7,6	15,8	17	14,5	18,3	11,3	7,6
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn 0-5 år	63	59	91	76	66	93	63

Tabellen viser kor stor del av borna med barnehageplass som var minoritetsspråkelege. Hareid og Herøy hadde høgaste andelen med hhv. 18,3% og 17%, men Sande og Ulstein hadde også ein høg del med 15,8% og 14,5%. Volda hadde ein andel på 11,3 %, medan Ørsta og Vanylven hadde lågaste andel av kommunane med 7,6%.

### **6.3 Vurdering:**

KOSTRA viste at kommunen ikkje hadde venteliste på barnehageplass (2016). KOSTRA-tal viser ein låg andel tilsette med pedagogisk utdanning (ped.leiarar) og barnehageutdanning.

Hareid hadde låge driftsutgifter knytt til tilrettelagde tiltak i barnehagen. Kommunen låg over fylkes- og landsgjennomsnittet i høve andel barn som fekk ekstra ressursar (13,4%). Dette kan tyde på at ein i Hareid har ein over gjennomsnittet høg andel barn som får ekstra

ressursar, og at desse er får ressursar som er under fylkes- og landsgjennomsnittet . Hareid låg høgst når det gjaldt andel barn med minoritetsspråkleg bakgrunn samanlikna med kommunane på Søre Sunnmøre.

## 6.4 Fakta: Skulane i kommunen:


### 6.4.1 Nasjonale prøver

Innleiingsvis har vi sett nærmere på data frå utdanningsdirektoratet si tilstandsvurdering av grunnskulen og samanlikna nabokommunane opp i mot kvarandre, samt opp i mot fylke- og landsgjennomsnitt. Vi har spesielt sett nærmere på resultat frå nasjonale prøver på 5 .trinn, då vi meiner at desse gir ein peikepinn på den læringa som har skjedd i 1.-4. klasse. Sidan desse kartleggingsprøvene blir gjennomført på hausten, seier dei lite om opplæringa på 5.trinn. Kartleggingsprøvene blir gjennomført i engelsk, lesing og rekning, og er delt inn i tre mestringsnivå :Mestringsnivå 1, som er lågast, mestringsnivå 2 er middels og mestringsnivå 3 er høgast.

Vidare går det fram gjennomsittleg skalapoeng pr elev for dei sju kommunane på Søre. Elevar som fell inn under mestringsnivå 1 oppnådde 42 eller mindre poeng. Elevar på mestringsnivå 2 oppnådde 43-56 skalapoeng og elevar på mestringsnivå 3 hadde over 56 poeng.

**Figur 1: Resultat frå nasjonale prøver 2014-15 og 2016-17**

**Engelsk. 5. trinn. Andel på mestringsnivå**




Hareid kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eirformer, Trinn 5, Begge kjønn

**Figur 2: Resultat frå nasjonale prøver 2014-15 og 2016-17**

**Lesing. 5. trinn. Andel på mestringsnivå**

Lesing:	Hareid	Herøy	Sande	Ulstein	Vanylven	Volda	Ørsta
2014-15	51	50	49	53	49	48	48
2015-16	50	49	52	51	47	47	51
2016-17	48	51	49	50	51	49	49


Lesing:	Hareid	Herøy	Sande	Ulstein	Vanylven	Volda	Ørsta
2014-15	52	46	48	49	50	48	50
2015-16	49	46	53	50	46	46	49
2016-17	49	50	49	50	47	50	50



Hareid kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

**Figur 3: Resultat frå nasjonale prøver 2014-15 og 2016-17**

#### Rekning. 5. trinn. Andel på mestringsnivå



Hareid kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

Rekning:	Hareid	Herøy	Sande	Ulstein	Vanylven	Volda	Ørsta
2014-15	53	48	50	54	52	48	49
2015-16	49	48	48	53	49	47	55
2016-17	49	48	50	50	49	48	49

Eit moment som det ikkje er teke høgde for i tabellane ovanfor er fritaksprosenten for deltaking på prøvene for elevar som openbart ikkje vil gi utbytte i læringssamanhang. Tabellane gjeld og tre forskjellige elevgrupper og det vil vere naturleg med variasjonar mellom ulike klassetrinn. For alle skuleåra låg det føre tal for engelsk, lesing og rekning. Ein såg dei beste resultata for dei tre prøvene skuleåret 2014/15. Ein såg dårlegast resultat skuleåret 2016/17 der kommunen låg under gjennomsnittet for landet i høve mestringsnivå 3, men hadde ein høgare andel på mestringsnivå 2.


#### 6.4.2 Spesialundervisning i grunnskulen

Med utgangspunkt i KOSTRA og GSI har ein sett på andel elevar som fekk spesialundervisning. Oversikta viser at 5,1 % av elevane i Hareid tok i mot spesialundervisning i 2016 . Dette er ein nedgang frå 2015 då 9,1% av elevane fekk spesialundervisning. 5,1% er under gjennomsnittet samanlikna med nabokommunane og fylke- og landsgjennomsnittet. Andel årstimar til spesialundervisning av totale lærartimar var 21,8% og nest høgast av alle nabokommunane, og høgare enn fylkes- og landsgjennomsnittet.

År 2016	Hareid	Vanylven	Sande	Ørsta	Ulstein	Herøy	Volda	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	5,7	8,2	3,8	7,3	6,7	6,6	7,8	8,6	7,8
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 1.-4. trinn	4,6	3,4	2	4,4	5,1	4,3	5,4	6,6	5,2
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 5.-7. trinn	8,9	11,4	4,1	7,4	8,3	5,4	9,3	9,4	9,2
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 8.-10. trinn	3,6	10,6	5,4	11,1	7	10,7	9,7	10,4	10,1
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt	21,8	10	11,3	15,2	19,3	16,2	25,3	18,8	17,5

### Spesialundervisning fordelt på klassestrinn:

Diagrammet nedanfor viser prosentandel av elevar som får spesialundervisning i småskulen, storskulen og ungdomsskulen. Ein ser tydeleg tendensar til at ein større andel elevar får spesialundervisning i storskulen/ungdomsskulen i forhold til småskulen i dei fleste kommunane. Hareid følgjer ikkje denne tendensen i 2016. Kommunen hadde ein relativt låg andel spesialundervisning i småskulen og på ungdomstrinnet, men ein registrerte ein høg andel i storskulen. For Hareid kan ei forklaring ver at spesialundervisninga ein gjennomfører i storskulen har hatt effekt sidan ein ser ein markant nedgang i spesialundervisninga på ungdomstrinnet. Det kan også være naturlege årsaker som bla. forskjellar mellom elevgrupper.



### 6.4.3 Leksehjelp

Opplæringslova gir elevar i grunnskulen rett til leksehjelp. Det skal bli gitt tilbod om minimum åtte timer kvar veke og kommunen/skulen avgjer korleis dei åtte timane skal fordelast på dei ulike årstrinna. Nedanfor går det fram informasjon om korleis leksehjelp blir praktisert i kommunen. Ein har vore i kontakt med rektor på fire av skulane i kommunen for å få eit innblikk i korleis ordninga fungerer.

I Hareid er det kvar enkelt skule som vurderer kvar leksehjelpa skal settast inn. Ved ein av skulane blir leksehjelpa lagt på 4.- 5. trinn to timer i veka . Ved den andre skulen blei det tilbydd leksehjelp til framandspråklege elevar i 5.-7. klasse (2 t/v) og til SFO-borna på 1.-4

trinn (4 timer i veka med assistent). Ved den tredje skulen blei det tilbydd leksehjelp på SFO til 1.- 4. trinn (2 t/v), leksehjelpa vert utført av fagarbeider eller assistent. Ved ungdomsskulen vert det gitt tilbod om ein time leksehjelp til alle elevar etter ynskje. Berre ein elev deltok på leksehjelp ved ungdomsskulen hausten 2017.

I samband med avslutting av rapporten har revisjonen fått tilbakemelding om at praksis mht. leksehjelp er endra ved dei tre kommunale barneskulanane og at alle skulane tilfredstiller minimumskravet mht. veketimar pr. elev og at leksehjelpa ikkje blei gjennomført i SFO tida. Revisjonen har ikkje kontrollert om praksis no er endra og ein kan derfor ikkje konkludere på dette emnet.

## 6.5 Vurdering:

KOSTRA-rapporteringa viser at 5,1 % av elevane i Hareid tok i mot spesialundervisning i 2016. Dette er ein nedgang frå 2015 då 9,1 % av elevane tok i mot spesialundervisning. Rapporteringa viser også at Hareid hadde ein større andel elevar med spesialundervisning i storskulen enn i ungdomsskulen og småskulen.

Nasjonale prøver viser gode resultat skuleåret 14/15 spesielt innanfor lesing og rekning. For åra 15/16 og 16/17 såg ein ei utvikling med større andel elevar på mestringsnivå 1 og færre elevar på mestringsnivå tre. Det kan være fleire ulike faktorar som påverkar resultatet. Ein faktor kan vere naturlege forskjellar mellom klassekull, eller at kvaliteten i opplæringa har variert.

Ved skulane blei leksehjelpa gjennomført på forskjellige måtar der leksehjelpa bl.a. var retta mot born i SFO og framandspråklege elevar. Når leksehjelpa blir retta mot desse gruppene får ikkje alle elevane i grunnskulen tilbod om leksehjelp (dei som ikkje går i SFO). Alle elevar i grunnskule har rett på til saman 8 t/v leksehjelp i grunnskulen uavhengig av om dei er framandspråklege eller deltek på SFO. Kommunen bør derfor sette i verk tiltak slik at leksehjelpa vert praktisert innanfor regelverket. Ein vurderer rettleiarene slik at skulen skal sjølv kan fordele timane mellom dei ulike klassetrinna der alle elevar får tilbod om til saman 8 timer i veka. Kommuneadministrasjonen har opplyst om at praksis no er endra.

Ved fleire av skulane vart leksehjelpa som nemnt ovanfor organisert gjennom SFO. Her vil revisjonen berre minne kommunen om at ein ikkje kan ta betalt for den tida eleven får leksehjelp etter forskrifta. Leksehjelpa skal vere gratis for eleven. Dersom leksehjelpa blir organisert som ein del av skulefritidsordninga, kan kommunen ikkje ta betalt for den tida eleven mottek leksehjelp etter denne føresegna. Dette gjeld og for elevar som ikkje deltek i skulefritidsordninga elles.

## 6.6 Kommunen sitt arbeid knyttt til tidleg innsats:

### 6.6.1. Systemretta og førebyggjande arbeid i barnehage og skule

Ein har hatt samtale med rektor og styrar ved alle skulane og barnehagane i kommunen. I den samanheng har ein fått tilbakemelding på kva systemretta førebyggjande arbeid som blir gjennomført på dei ulike einingane og om PPT deltek ute på einingane i kommunen

#### Kvalitetsplan for god oppvekst i Hareid kommune:

Kommunen har utarbeida ein kvalitetsplan (2016-2020) for god oppvekst i Hareid kommune. Planen skal vere ein plan for innhald og utvikling av barnehagane og grunnskulen i Hareid kommune. Føremålet med planen er å ha eit styringsdokument for barnehage- og skuleeigarane. Den skal bygge på politisk vedtekne resultatmål. Planen inneheld 4 sentrale områder som krev prioritet:

- Læringsmiljø
- Tidleg innsats
- Samarbeid heim og barnehage/skule
- Tverrfagleg samarbeid

Arbeidet med planen vart sett i gang i mars 2015 og det blei bl.a. gjennomført SWOT-analyser i aktuelle einingar, i barnehagane, skulane , på helsestasjonen, barnevernet og hos PPT. SWOT- analyse er eit strategisk planleggingsverktøy som kan brukast for å vurdere styrker, svakheiter, moglegheiter og truslar i eininga.

Alle einingane hadde kjennskap til planen og det blei i stor grad rapportert om at planen var implementert på einingane i leiargruppa, men at enkelte framleis hadde ein veg å gå med implementere den heilt ut i eininga (alle tilsette). I samband implementering har det vore utarbeida utviklingsplanar (barnehage og skule) og verksemndsplanar (barnehage) på einingane.

#### Utviklingsplan:

I samband med implementering av den overordna kvalitetsplanen har alle dei kommunale einingane, både skular og barnehagar utarbeida ein utviklingsplan. Utviklingsplanen er tufta på kvalitetsplanen og tek føre seg bl.a. dei 4 sentrale satsingsområda nemnt ovanfor. Under kvart satsingsområde har kvar enkelt eining utarbeida mål, tiltak og vurdering av måloppnåing for si eining.

#### Verksemndsplan:

Alle dei kommunale barnehagane har utarbeida verksemndsplan. Denne skal saman med utviklingsplanen og informasjonshefte erstatte tidlegare årsplanar. Dokumenta skal vise foreldre/føresette, politikarar og administrasjonen i Hareid korleis ein konkret i barnehagen arbeider med dei vedtekne satsingsområda (bl.a. tidleg innsats) som går fram i den overordna kvalitetsplanen og utviklingsplanen.

### **Tverrfaglig team:**

Hareid kommune har tverrfagelig ressursteam på barnehagane og skulane. Ressursteamet er eit ledd i kommunen si satsing på tidleg innsats for å oppdage og førebygge vanskar hos barn og unge. Målet med teamet er:

1. Raskare avdekking av vanskar hjå einskildborn og grupper, fagleg og sosialt.
- 2 Tidleg innsats, med naudsynt oppfølging i barnehage/skule og heim
3. Teamet skal ha fokus på å sette i verk heilheitlege tiltak
4. Færre elevar fell ut av skulen
5. Færre born med omfattande tiltak.

Kvar enkelt eining har sitt eige tverrfaglege team og består av styrar/rektor, barnevern, PPT, og helsestasjon. Oppdragsgjevar/styringsgruppe er levekårsforum v/ kommunalsjef oppvekst, kommuneoverlege, leiar NAV, leiar barnevern og leiande helsesøster. Det er lagt opp til 4 møter (2 på våren og 2 på hausten). Ved ei av einingane fekk ein tilbakemelding om at det tverrfaglege teamet ikkje hadde fungert siste tida. Ut over dette fekk ein positiv tilbakemelding på bruken av tverrfagelig team.

### **Systemretta og førebyggjande arbeid i barnehagane og skulane utført av PPT:**

#### *Barnehage:*

På spørsmål om PPT gjennomfører systemretta og førebyggjande arbeid ute i barnehagane fekk ein tilbakemelding frå einingane om følgjande: Dei kommunale barnehagane har dei siste åra vore med på kompetanseløft i regi av PPT med fokus på leiarrolla, med fordjuping i det autoritative perspektivet. Ein av dei kommunale barnehagane har delteke i dette arbeidet sidan 2013 og dei to andre kommunale barnehagane har delteke i prosjektet dei siste to åra. Ein fekk tilbakemelding om at den private barnehagen skulle starte opp med dette samarbeidet i løpet av hausten 2017. Alle einingane som hadde delteke gav positiv tilbakemelding på prosjektet og at ein hadde utbytte av det. Med bakgrunn i dette arbeidet har barnehagane fokus på at dei autoritative vaksne skal vere byggesteinen i alt arbeid i barnehagen. Dei kommunale barnehagane har bl.a. utarbeida prosedyrar, utviklingsplanar, verksamhedsplana og handlingsplan for å førebygge mobbing som er tufta på det autoritative perspektivet.

*«Den autoritative voksenstilen innebærer en kombinasjon mellom innlevelse fra varme vaksne og tydelige grenser som den beste tilnærmingen pedagoger og ansatte i barnehager og skoler kan ha i møte med barn»*

#### *Skule:*

Tilbakemelding frå skulane viste at ein av einingane hadde faste kontaktperson i PPT medan dei to andre skulane i dag ikkje hadde avklart nye kontaktpersonar frå PPT og at leiar for grunnskuleteamet til PPT var midlertidig kontaktperson under omstillingsprosessen. Ingen av

skulane hadde faste rutinemøter med PPT, men det blei opplyst at PPT var tilgjengelige på både telefon og på e-post.

I høve systemretta arbeid rapporterte einingane at det i liten grad hadde vore arbeida med systemsaker og at PPT sitt arbeid stort sett var knytt til kartlegging i individssaker. To av einingane rapporterte om at ein hadde meldt opp systemsaker til PPT tidleg i 2017, men at ein pr. november ikkje hadde blitt følgt opp.

Kommuneadministrasjonen har gitt tilbakemelding på at PPT aktivt har delteke aktivt i arbeide knytt til utarbeiding og implementering av kvalitetsplanen i kommunen og at ein no har ei stor satsing innan for elevmiljø og mobbing.

PPT har gitt tilbakemelding om at for å starte arbeid med organisasjonsutvikling og kompetanseheving krev PPT at einingane skal ta ei SWOT analyse/kartlegging for å sjekke kapasiteten til å fylje eit slikt endringsarbeid.

#### **Sakshandsamingstid ved tilvising PPT:**

Tilbakemelding frå barnehagane og skulane viste forskjellar i korleis ein opplevde sakshandsamingstida til PPT og det generelle intrykket frå einingane er at den er varierande. Enkelte einingar gav tilbakemelding om at PPT tidlegare har kome raskt i gong med sakshandsaminga, men at ein no i samband med omorganiseringa opplever lenger sakshandsamingstid. Enkelte av einingane viste til enkeltsaker med svært lang sakshandsamingstid og venteliste (feire månadar). Dermed kunne det gå heile skuleår frå skulen/barnehagen tilmeldte til at det låg føre sakkyndig vurdering. Sjå kapittel 8 for meir informasjon kring sakshandsamingstida til PPT.

#### **Samarbeid i Sjustjerna:**

Kommunen deltek i skulenettverket og barnehagenettverket i Sjustjerna. Skulenettverket samarbeider om leiaropplæring, ungdomsskulesatsinga, nettverkssamarbeid. Barnehagenettverket i Sjustjerna arbeider mellom anna med kompetanseheving for tilsette i barnehagane. Leiinga i barnehageadministrasjonen i dei sju kommunane samarbeider.

#### **Støtteressursar i barnehage og skule:**

I Hareid har skulane har fullt budsjettansvar for einingane. Dermed er det rektor som avgjer korleis eventuelle midlar skal nyttast mht. tidleg innsats/tilpassa opplæring. Ut i frå tilbakemelding frå skulane vert desse ressursane nytta i småskulen som styrking i form av tolærar undervisning og bruk av assistent/fagarbeidar.

Ved barnehagane kan styrar i samråd med foreldre/føresette søke om støtteressursar som oppvekstkontoret vurderer og evt. tildelar ressursar knytt til støttetiltak .

#### **Tidleg innsatsgruppe:**

Hareid kommune har satt ned ei gruppe som arbeider med tidleg innsats. Gruppa var starta opp hausten 2017 og skal ha møte ca 4 gongar i året. Gruppa har utarbeida no ein felles plan for kartleggingsprøver som ligg på høyring no ute i einingane. Målet med planen er å sikre at alle elevar vert fanga opp tidleg dersom der er utfordringar som gjeld grunnleggjande kompetanse innanfor lesing, skriving eller rekning. Planen skal også vere ein god reiskap i vurdering for læring og tilpassa opplæring. Det er skuleleiinga som har hovudansvaret for å implementere planen og arbeidet er no i oppstartsfasen.

#### **Nettverkssamlingar i småskulen:**

Skulane har nettverkssamlingar på tvers av skulane for personalet på 1.-4. trinn for heile kommunen. På desse samlingane har ein bl.a. fokus på kompetanseheving i tidleg innsats for personalet.

#### **Foreldreskule :**

Skulane har starta med tilbod om foreldreskule for foreldre/føresette i 1. klasse. Dette er eit samarbeid mellom skule, helsestasjon, barnevern, PPT og kyrkja. Dei ulike tenestene deltek på foreldremøter og introduserer tenestene sine og held foredrag om ulike emne.

#### **Vurdering for læring:**

«Vurdering for læring» er ei nasjonal satsing som utdanningsdirektoratet har sett i verk gjennom fylkesmannen. Kommunen har delteke i prosjektet dei to siste åra. Dette er nettverkssamlingar som vert gjennomført på kvar enkelt skule i tillegg til at det vert gjennomført felles nettverkssamlingar for alle einingane. Det er også utarbeida ei eiga nettverksgruppe som skal planlegge samlingane og evaluere arbeidet. Det er bl.a. utarbeida plan over alle nettverkssamlingane for skuleåret -17/18. Satsinga har som mål å styrke kompetanse og utvikling blant dei tilsette på skulane.

#### **6.6.2 Vurdering:**

##### **Kvalitetsplan, utviklingsplan og verksemndplan:**

Kommunen har utarbeida ein overordna plan for oppvekstsektoren og einingane har i samband med implementering av planen utarbeida utviklingsplanar (både barnehage og skule) og verksemndplanar (kommunale barnehagar). Det er positivt at kommunen har utarbeida ein felles plan med overordna satsingsområde. Dette gjer at alle einingane jobbar mot felles mål og der tidleg innsats er eit av desse sentrale områda. Det står igjen derimot ein del arbeid med å få implementert planane heilt ut i einingane blant alle dei tilsette. Kommunen bør jobbe vidare med å få implementert planane ut på einingane og spesielt utviklingsplanane som syner konkrete mål og tiltak for å nå dei ulike satsingsområda.

#### **Tverrfagelig team og nettverkssamlingar:**

Dei tilsette i barnehage og skule deltek i ulike nettverks- og fagsamlingar for å dele kunnskap og auke kompetansen. Kommunen har også satt ned ei eiga gruppe som jobbar mot tidleg

innsats. Nettverka har derfor jobba aktivt med systemretta og førebyggjande arbeid i høve tidleg innsats med bakgrunn i den overordna kvalitetsplanen i kommunen. Alle einingane hadde tverrfagelig team, men ei av einingane gav tilbakemelding om at det ikkje var operativt pr. dags dato.

### PPT

Det var forskjellar mellom einingane om ein hadde faste rutinemøter med PPT. Enkelte av einingane hadde faste kontaktpersonar og rutinemøter, medan andre ikkje hadde dette. Hos alle einingane blei det peika på at ein hadde hatt faste kontaktpersonar tidlegare, men at omstillingsprosessen i PPT har ført til ein del endringar og nye kontaktpersonar som enda ikkje var avklart.

Tilbakemelding frå skular og barnehagar viser at ein har hatt utfordringar med sakshandsamingstida i PPT siste åra og lange ventelister. Tilbakemelding frå barnehagar og skular viser at PPT i varierande grad har gjennomført førebyggjande og systematisk arbeid i barnehagane og skulane siste åra. Dei kommunale barnehagane har delteke i systemarbeid knytt til autoritativ leiing og «kompetanseløft barnehage». I skulane var det i liten grad gjennomført systematisk og førebyggjande arbeid.

PPT skal drive både med systemretta/førebyggjande arbeid og individretta støtte i form av kartlegging og utarbeiding av sakkunnig vurdering. Tilbakemelding frå PPT og einingane viste at PPT no skal ha mykje meir fokus på systemretta og førebyggjande arbeid.

Det er viktig at det systemretta arbeidet vert retta mot kvar enkelt eining sine behov. Dette kan bidra til at ein ute på einingane raskare greier å fange opp born med vanskar, og målsettinga må vere at einingane på sikt kan handtere desse utfordingane i større grad sjølv. Dette arbeidet kan derimot ikkje gå på bekostning av dei mange individsaker som også må handsamast, då det handlar om borna og foreldra sin rett til å klage på den hjelpa barnet får.

## 6.7 Skriftelege prosedyre knytt til tidleg innsats i barnehage og skule:

### 6.7.1 Fakta

#### 6.7.1.1 Felles:

Kommunen utarbeida permen «Eit heilskapleg tilbod til born med nedsett funksjonsevne» i 2011. I 2014 vart det sett i gong med revisjon av denne permen, men i 2015 blei dette arbeide utsett p.g.a utarbeiding av «Læring og omsorg kvalitetsplan for god oppvekst i Hareid kommune». Ein har fått tilbakemelding om at permen no er under ny revisjon og vil bli revidert i forhold lovverk, endring i organisasjonen og endringar ved PPT-kontoret, og at denne skal vere ferdig revidert i løpet av våren 2018.

Målsettinga med permen er:

- Vise kva planar, prosedyrar, rutinar og tverrfagleg samarbeid ein har rundt born og familiar med nedsett funksjonsevne.
- Permen skal syne kva rutinar ein har for kartlegging av born med nedsett funksjonsevne, der ulike kartleggingsverktøy skal vere implementert som ei fast rutine.
- Permen skal seie noko om korleis ein vurderer og sette i gang korrigerande tiltak når tilbodet ikkje er godt nok.
- Permen skal vise korleis kommunen tek vare på born, som ikkje går i barnehagen, men som har rettar etter opplæringslova.

Planen inneheld skjema, prosedyrebeskrivingar og rutinar med arbeidsoppgåver og ansvar for tilsette i barnehage og skule.

Kommunen har som tidlegare nemnt utarbeida ein kvalitetsplan for heile oppvekst (både skular og barnehagar). Denne planen omfattar fleire emne og har som formål å synleggjere sektoren sine verdiar, mål og tiltak, samt sikre oversikt og kontinuitet i arbeidet, tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats. Planen var ferdig i 2017. Dei ulike barnehagestyrarane og rektorane hadde alle kjennskap til planen og arbeida no med å implementere den ute på einingane.

Kommunen har utarbeida mal for pedagogisk rapport etter kartlegging og utprøving av tiltak i barnehage og skule. Denne skal ligge ved tilvising av born/elever til PPT. Denne malen inneheld ulike testar og kartleggingar som bør/skal gjennomførast. Dermed bidreg denne rapporten til mykje av dei tiltak og kartleggingane ein gjennomfører i skule og barnehage før tilvising til PPT og er derfor viktig i samband med arbeidet knytt til tidleg innsats. Ein har fått tilbakemelding om at denne er under revisjon av PPT.

#### ***6.7.1.2 Barnehage:***

Kommunen har utarbeida felles pedagogisk rapport etter kartlegging og utprøving i barnehage. Denne skal ligge ved tilvisning til PPT. Rapporten skal innehalde informasjon om barnet si fungering i høve til bl.a. språk, åtferd, syn, hørsel og utfordringar. I tillegg skal rapporten innehalde informasjon om korleis barnehagen har tilpassa det pedagogiske tilbodet i høve til barnet sitt utviklingsnivå og læring. I tillegg skal resultata av ulike kartleggingar som er gjennomført leggast ved.

Hareid kommune har utarbeida felles handlingsplan for særskilde opplæringstiltak i barnehagen. Denne var utarbeida i 2011 og må reviderast i høve lovheimel og organisering. Dokumentet inneheld prosedyrebeskriving og ansvar frå drøfting og vurdering av barna si utvikling, til iverksetting og kartlegging i barnehagen til evt. tilvising til PPT og utarbeiding av sakkyndig vurdering. I tillegg inneheld handlingsplanen informasjon om prosedyrar knytt til overføring av born med særskilde opplæringstiltak til skulen, samt samarbeidsrutinar med barnehagen. I samtale med barnehageleiarar fekk ein i stor grad tilbakemelding om at dette var ein del av deira skriftelege prosedyrar knytt til tidlig innsats.

Det er også utarbeida felles søkeradsskjema med tilhøyrande rapporteringsskjema i høve; timar/tilskot for omsorgsteneste i barnehage, tilskot til tiltak for å styrke den norske språklege utviklinga for minoritetsspråklege barn i barnehage og tilskot til tiltak for barn med nedsett funksjonsemne. Dokumentet inneheld prosedyrebeskriving og ansvar fra drøfting og vurdering av barna si utvikling til tiltak i barnehagen før tilvising utan ekstra ressursar, til iverksetting og kartlegging i barnehagen til evt. oppmelding til PPT og utarbeiding av sakkyndig vurdering. I samtale med barnehageleiarar fekk ein i liten grad tilbakemelding om at dette var ein del av deira skriftelege prosedyrar knytt til tidlig innsats.

#### **6.7.1.3 Skule:**

Kommunen har utarbeida årsplan for kartleggingsprøve. Denne planen var utarbeida i 2017 og kommunen har starta å implementere planen på skulane. Planen inneheld ei oversikt over kartleggingsprøver som skal gjennomførast på kvart enkelt klassetrinn på hausten og våren, samt kven som er ansvarleg for gjennomføring. I samband med planen er det også utarbeida ei rutinebeskriving for oppfølging av kartleggingsprøver og elevar som treng tiltak fagleg eller sosialt. Rutinebeskrivinga inneheld forskjellige tiltak og når dei evt. skal gjennomførast, samt kven som er ansvarleg for å gjennomføre tiltaka. Det er også utarbeida elev-årshjul som er knytt til dette. Tilbakemelding frå einingane er at ein no har starta å implementere planane ute på einingane.

Ved to av dei tre skulane ein kontrollerte hadde ein teke i bruk mal «Tiltaksplan for elevar/klasser innanfor tilpassa opplæring». Tiltaksplanen skal innehalde ein kort rapport over dei tiltaka ein set inn på skulen og heime og informasjon om evalueringar. Planen skal signerast av kontaktlærar, faglærar, rektor og heim/elev.

Kommunen har teke i bruk «Vokal» i skulane. Vokal er eit elektronisk verktøy for kvar enkelt lærar, der intensjonen er at verktøyet skal lette læraren sitt arbeid knytt til oppfølging av kvar enkelt elev. Vokal vert nytta til å registrere resultat frå både nasjonale kartleggingsprøver og lokale prøver, samt gi læraren moglegheit til å vurdere enkeltelevar i forhold til fag/ferdigheiter.

#### **6.7.2 Vurdering:**

Kommunen har utarbeida permen «Eit heilskapleg tilbod til born med nedsett funksjonsevne». Permen er utdatert mht gjeldande regelverk på enkelte emne og i høve lovheimel og organisering. Kommunen bør få revidert permens i løpet av våren 2018, noko som administrasjonen har signalisert vert prioritert. Utover dette er det positivt at kommunen har ein felles perm og oppslagsverk med kommunen sine planar, prosedyrar, rutinar og tverrfagleg samarbeid rundt born med nedsett funksjonsemne.

Felles skrifteleg kvalitetsplan (både i skule og i barnehage) bidreg til at ein får ei felles forankring og forståing for korleis ein skal arbeide i høve til tidleg innsats. Det er derfor viktig at kommunen no får implementert denne godt i organisasjonen både i skulane og

barnehagane slik at ein jobbar mot felles mål, noko som kan vere spesielt viktig mht. overgang mellom barnehage/skule.

Kommunen har utarbeida skriftelege prosedyrar knytt til kartlegging og observasjon, samt saksgang ved bekymring/tiltak i høve spesialpedagogisk hjelp (barnehage) og spesialundervisning (skule). Dette gir dei tilsette i barnehagane og skulane retningslinjer for kva ein skal gjere i bekymringsfasen, mht utprøving at tiltak før tilvising til PPT. Dette er eit viktig område mht. tidleg innsats.

To av dei kontrollerte skulane nytta tiltaksplan innanfor tilpassa opplæring. Tiltaksplanane gir skulen og heimen ei oversikt over dei kartleggingar og tiltak som er sett i verk i høve tilpassa opplæring noko som er viktig i høve tidleg innsats. Kommunen bør vurdere om tiltaksplanen skal bli obligatorisk verktøy for alle skulane i kommunen.

Kommunen har teke i bruk eit elektronisk verktøy i skulane for å registrere resultat frå tiltak og kartleggingsprøver (VOKAL). Det er positivt at ein no fått på plass eit verktøy for og halde oversikt over resultat og tiltak for kvar enkelt elev. Sidan den «elektroniske elevmappa» vil følge kvar enkelt elev gjennom skulen er det er viktig at kommunen vurderer behovet for tilgangar og lukking av mapper.

## 6.8 Sakkyndige vurderingar og enkeltvedtak i barnehage og skule

### 6.8.1 Fakta

Både rektorar og barnehagestyrarar fekk spørsmål knytt til PPT sine sakkyndige vurderingar. Enkelte av rektorane/styrarane kunne ikkje uttale seg då dei ikkje hadde meldt opp enkeltsaker til PPT på lang tid.

Hovudintrykket frå rektorane og barnehagestyrarane som gav tilbakemelding var at dei sakkyndige vurderingane var svært variable, der ein i enkelte høve hadde stort utbytte av dei, medan ein andre gonger såg liten samanheng mellom vurderinga og korleis skulen/barnehagen opplever situasjonen kring barnet/elevn. Det blei også peika på at einingane også kan ha ein veg å gå mht. å gå i gjennom innhaldet med dei tilsette for å skape forståing for innhaldet i vurderingane og korleis ein skal jobbe.

Dei blei i varierande grad gitt tilbakemelding om at ein følgjer anbefalingane til PPT i samband med utarbeiding av enkeltvedtak. Enkelte oppfatta dei sakkyndige vurderingane som gode, men det kom også tilbakemelding om at anbefalingane ikkje vart følgde og at ressursane vart organiserte på ein annan måte enn kva PPT anbefalte.

I samtale med barnehagane og skulane som hadde meldt opp born/elevar til PPT fekk ein også tilbakemelding om at ved tilvising og under kartleggingsprosessen kunne det gå lang tid før det låg føre ei sakkyndig vurdering, og at ein har fåt signalisert lengre sakshandsamingstid no i samband med omstillingssprosessen PPT gjennomgår. Vidare blei

det peika på at ein i stor grad har eit godt samarbeid med PPT og at ein utarbeidar og sett i verk tiltak i bekymringsfasen før ein melder opp til PPT, slik at det blir prøvd ut tiltak både før og under kartleggingsprosessen.

### 6.8.2 Vurdering:

Barnehagar og skular har stort sett opplevd dei sakkyndige vurderingane som variable og anbefalingane blei i varierande grad følgt. I dei fleste tilfelle har det vore eit godt samarbeid med både PPT og foreldre/føresette under kartleggingsprosessen, men at ein har fått signal om mindre kapasitet no under omstillingsprosessen.

Enkelte av einingane gav tilbakemelding om at anbefalingane frå PPT ikkje alltid blei følgde, men organiserte ressursane annleis. Kommunen bør derfor vurdere om kommunikasjonen under kartleggingsprosessen er god nok. Det blei også peika på at ei utfordring kan vere å få dei tilsette til å forstå innhaldet i dei sakkyndige vurderingane. Det er derfor viktig at kommunen får kommunisere dette ut til dei tilsette på ein tilfredstillende måte og PPT bør ha ei sentral rolle i dette arbeidet.

### 6.9 Konklusjon

PPT har i varierande grad gjennomført førebyggjande og systematisk arbeid i barnehagane og skulane. Dei kommunale barnehagane har delteke i systemarbeid knytt til autoritativ leiing. Barnehagar og skular beskrev i stor grad samarbeidet med PPT som godt, men at ein opplever og har fått signalisert ei lengre sakhandsamingstid no under omstillingsprosessen i PPT. Enkelte av einingane rapporterte om svært lang sakhandsamingstid. Einigane har klare forventningar til at nye PPT kjem raskt i gong med handsaming av både enkeltsaker og systemsaker, og at dei vil vere aktivt ute på einingane, mht førebyggjande arbeid.

Kommunen har forskjellige rutinar og kartleggingsverktøy for å fange opp barn med utfordringar både i barnehage og skule.

Både skular og barnehagar gav tilbakemelding om at ein kjem tidleg i gong med å prøve ut tiltak i bekymringsfasen, kommunen har også skriftlege rutinar knytt til dette.

Skulane i Hareid hadde forskjellige leksehjelptilbod. I hovudsak blei det gitt tilbod om leksehjelp på SFO og til minoritetsspråklege elevar. Alle elevar i grunnskule har rett på til saman 8 t/v leksehjelp i grunnskulen uavhengig av om dei er framandspråklege eller deltek på SFO. Kommunen bør derfor sette i verk tiltak slik at leksehjelpa vert praktisert innanfor regelverket. Dersom leksehjelpa blir organisert som ein del av skulefritidsordninga, kan kommunen ikkje ta betalt for den tida eleven får leksehjelp.

## 7 Problemstilling 2

**I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?**

### 7.1 Innleiing:

I dette kapittelet går det fram revisjonskriterium, data og vurderinger korleis det er lagt til rette for god overgang mellom barnehage og skule. Kva som er gode overgangar vert utdjeta nedanfor i kapittel 7.2 der dei ulike revisjonskriteria som vi har nytta for å belyse dette emnet går fram.

### 7.2 Revisjonskriterium:

Revisjonskriteria under denne problemstillinga er hovudsakeleg henta frå barnehagelova, opplæringslova, rettleiar for tidleg innsats «frå elds til yngst», forvaltningslova og personvernlova. Nedanfor har ein teke ut dei viktigaste momenta frå dei ulike lovene og rettleiaren som revisjonen vil kontrollere opp i mot.

#### 7.2.1 Overgang mellom barnehage og skule

Tidleg innsats er eit gjennomgåande tema i denne undersøkinga og overgangen mellom barnehage og skule er ein særsviktig del av skuleløpet. I 2008 blei det utarbeida ein rettleiar med fokus på tidleg innsats, «Frå eldst til yngst» som har som mål å styrke samanhengen mellom barnehage og skule, og skape ein god overgang for barn når dei startar på skulen. Dei nye elevane kan kome frå barnehagar i skulen sitt opptaksområde og dei kan kome frå barnehagar andre plassar i kommunen eller andre kommunar. Dei kan også kome frå private barnehagar, og enkelte barn treng ikkje å ha bakgrunn frå barnehage.

Kommunen har derimot eit ansvar for å legge til rette for ein god skulestart for alle barn i kommunen uavhengig av bakgrunn. Rettleiaren er tydeleg på at målet er ikkje å unngå overgangar, men å unngå at dei blir så store at barnet ikkje kan mestre dei.

Rettleiaren anbefaler ein plan på kommunenivå som inneholder premissane for overgang mellom barnehage og skule. Kommunen bør legge til rette for eit koordinert samarbeid om overgangar, og den bør legge til rette for samarbeid mellom styrar i barnehage og rektor i same opptaksområde.

Rettleiaren anbefaler vidare at barnehagestyrarar og rektor ved dei ulike skulane tek ansvar for systematisk planlegging og oppfølging av overgangen mellom barnehage og skule. Kommunen, barnehagane og skulane sine planar bør bl.a. innehalde eit opplegg for ulike arrangement der barna får møte kvarandre og dei vaksne som dei skal ha mest kontakt med i skulekvardagen, og legge til rette for at dei får bli kjent med skolemiljøet og innhaldet i skulekvardagen.

Rettleiaren seier derimot ikkje noko om barn som ikkje går i barnehagar i kommunen, eller som ikkje går i barnehage i det heile. Det er viktig at kommunen og den enkelte skulen tek ansvar for å involvere alle barn som skal starte på ein av kommunen sine skular.

Barnehagar og skular kan overføre tausheitsbelagt informasjon dersom dei har samtykke frå den det gjeld. Det står i forvaltningslova § 13 a nr 1. «*For barn under 15 år er det foreldrene som gir samtykke. Når barnet er fylt 15 år, er det normalt tilstrekkelig med barnets samtykke for å overføre taushetsbelagte opplysninger.*». Krav om samtykke er regulert i personopplysningslova § 2. nr 7. Her går det fram at samtykket må vere frivillig, uttrykkelig informert og skriftlig.

### 7.2.2 Oppsummering:

- Kommunen bør ha ein plan for overgang, som synliggjør premissene for overgang mellom barnehage og skule.
- Kommunen bør legge til rette for eit koordinert samarbeid i høve overgangen mellom barnehage og skule (samarbeid mellom rektor og barnehagestyrar).
- Alle barn bør få eit tilfredstillande møte ved skulen.
- Ved overføring av informasjon mellom barnehage og skule skal foreldre signere samtykkeerklæring.

## 7.3 Obergangsplan mellom barnehage og skule

### 7.3.1 Fakta

I samband med intervju av rektora og barnehagestyrarar vart det etterspurt plan for overgang mellom barnehage og skule. Alle einingane hadde dette, då kommunen har utarbeida ein felles plan for overgang mellom barnehage og skule. Planen inneheld informasjon om ansvar, tidsfristar og tema/tiltak og var revidert i januar 2017.

Nedanfor går det fram ei oversikt over rutinane knytt til overgang mellom barnehage og skular, det er utarbeide generelle rutinar (alle born) og rutinar knytt til born med særskilde opplæringstiltak:

Tidsfrist	Tiltak/handling	Ansvar
1 August/september	Orientere dei føresette om samarbeid bhg/skule på første foreldremøtet	Styrar/ped.leiar
2 September	Oppstart førskulegruppe	Pedagogisk leiar
3 Oktober/november	Kontaktmøte i barnehagen med innhenting av løyve til overføring av informasjon.	Pedagogisk leiar
4 November	Første skulebesøk. Førskuleborna besøker skulen i nærmiljøet. Bli kjend med uteområde og bygg (minst eitt besøk, gjerne fleire). Barnehagane samordnar besøk til nærskulane. Slik at borna får treffe flest mulig av sine framtidige klassevener.	Barnehagen ved leiar for førskulegruppa-avtalar med rektor
5 Desember	Barnehagane informerer skulen om kven som skal byrje på den einskilde skule	Styrar/rektor
6 Januar	Hospitering i skulen. Ped. leiar hospiterer i skulen. Mål: gjere seg kjent med arbeidsmåtar i skulen. Minimum ½ dag x 2	Styrar/ped.leiar
7 Februar	Innskriving. Personleg brev til barnet/føresette + annonse Informasjon på heimeside og barnehagen si facebookside	Kommunalsjef oppvekst i samråd med rektor
8 Mars/april	Hospitering. 1.kl. lærar/lærar småskulesteget hospiterer med arbeidsmåtar i barnehagen. Skifte mellom barnehagar. Mål: Gjere seg kjent arbeidsmåtar i	Rektor/lærar

		barnehagen. Minimum ½ dag*2	
9	April	Skule/SFO-besøk til nærskulen. Besøke skulen, omvisning på skule SFO.	Skulen (rektor)
10	April/Mai	Lesebesøk av 5.klasse (fadderklasse) til nærbarnehagen, minimum 1 gong.  Skulen tar kontakt i god tid for god planlegging. Ligge i skulen sin årsplan. Styrar/rektor samordnar besøk til barnehagane. Hjørungavåg skule møter «sine» elevar ved Syverplassen barnehage.	Skulen (rektor) i samarbeid med styrar.
11	April/mai	Rektor får tilgang til digitale mapper	Styrar For private barnehagar: kommunalsjef.
12	Mai/juni	Overføring av informasjon fra barnahage til skule. Styrar, ped.leiar, rektor og kontaktlærar tek del.  Informasjon om særskilde barn skal vere skriftleg	Rektor kallar inn
13	Mai/juni	Møte med nye 1.klasseforeldre	Rektor
14	Mai/juni	Førskuledag Informasjon om datoar går til barnahagane i god tid før førskuledagane.	Rektor/kontaktlærar
15	Mai/juni	Markere at barnehagetida er slutt	Styrar/ped.leiar
16	August	Skulestart	Rektor/kontaktlærar
17	August	Styrar melder frå om at frå om at barnehagane ikkje lenger skal ha tilgong til digitale mapper	Styrar gir melding til arkiv
18	Oktober	Felles erfaringsutveksling for 1.klasselærerar og pedagogiske leiarar i barnehagane (1,5 time kvart år)	Sektor for oppvekst ved kommunalsjef

Tidsfrist	Born med særskilde opplæringstiltak	Ansvar
August 1-2 år før borna tar til i skulen.	Overføring av informasjon i om born m/store hjelpebehov. T.d. om ein treng fysisk tilrettelegging. Her kan digitale mapper etter avtale bli overført tidleg.	Styrar i samarbeid med Kommunalsjef for oppvekst.
September	Born med ansvarsgruppe: Skulen tek del på møter om hausten	Leiar ansvarsgruppe/styrar
September	Born som har ekstra ressursar/tilretteleggingsbehov: Skulen får orientering om ressurs og opplæringstiltak.	Leiar ansvarsgruppe/styrar
Mars	Sakkunnig vurdering	PPT
April/mai	Samarbeidsmøte/ansvarsgruppemøte barnehage/skule, der eventuelt. Spesialpedagog og føresette deltek.	Leiar ansvarsgruppe/styrar
April/mai	Rektor/lærar vert tatt med i undervisningsopplegg eller likn. I bhg, for å sikre ein god overgang til skule.	Styrar/rektor
Mai/juni	Informasjon om særskilde tiltak for barn skal vere skriftleg frå barnehage til skule	Styrar For priv. bhg: Kommunalsjef for oppvekst

Det vart også vurdert om kommunen hadde rutinar for å fange opp barn som ikkje går i barnehage for å sikre at disse får same tilbodet som barnehageborna. Det går fram av den skriftelege overgangsplanen ved innskriving vert det sendt ut personleg innkalling til alle barn og føresette i tillegg til at det vert satt opp annonse i lokalavisa. Utover dette går det ikkje fram korleis ein fangar opp barn som ikkje går i barnehage. Alle barnehagane revisjonen var i kontakt med gav tilbakemelding om at dei siste åra hadde alle borna i førskulealder gått i barnehage, og at oppvekstkontoret får tilsendt lister over alle born i kommunen frå

folkeregisteret, og skal då fange opp eventuelle barn som ikkje går i barnehage og informerer skulane.

I punkt 12 i overgangsplanen gjekk det fram at rektor har ansvar for å kalle inn til overgangsmøte mellom barnehage og skule. Det går vidare fram av planen at kontaktlærar også skal ta del i desse samtalene. Tilbakemelding frå einingane viste at kontaktlærar i liten grad var avklart og deltok sjeldan på desse møta og at det i hovudsak er rektor som gjennomfører desse møta.

### 7.3.2 Vurdering:

Kommunen har felles plan for overgang mellom barnehage og skule. Alle einingane hadde kjennskap til planen og nytta den aktivt .

Det går fram av planen at kontaktlærar skal delta på samarbeids- og informasjonsmøte i mai/juni. Tilbakemeldingane frå einingane viste at kontaktlærar i svært liten grad tok del på desse møta. Kommunen bør setje i verk tiltak slik at framtidig kontaktlærar deltek på desse møta, slik at vedkomande kan tilegne seg nyttig informasjon om enkeltborn og heile førskulegruppa. Dette kan gjere vedkomande betre forberedt på eventuelle utfordringar ein kan møte ved skulestart. Kontaktlæraren bør også ha ei sentral rolle i høve fellesaktivitetar mellom skule og barnehage gjennom året.

Overgangsplanen bør reviderast mht til meir informasjon om korleis born som ikkje går i barnehage skal fangast opp og kven som er ansvarleg for dette arbeidet.

## 7.4. Samarbeid mellom barnehage og skule.

### 7.4.1 Fakta

Dei ulike einingane beskrev i stor grad samarbeidet ved overgang barnehage til skule som godt. Av utfordringar blei det trekt fram frå enkelte av barnehagane at det tidvis kunne vere ei utfordring å få skulane til å forstå viktigheita av informasjonen som barnehagane sitt på, og at enkelte barnehagar tidvis kunne føle at møter og liknande ikkje blei prioritert i høve førskulegruppa.

Som ein del av overgangsplanen skal det gjennomførast erfaringsutveksling/hospitering (punkt 8) for 1.klasselærarar og ped. leiarar i barnehagane. Dette blei gjennomført av enkelte, men ein fekk tilbakemelding med dei fleste om at dette arbeidet ikkje hadde fungert tilfredstillande.

Kommunen har samtykkeskjema i høve overføring av informasjon. Skjemaet skal signerast av foreldre føresette og gir informasjon kva personar/instansar/etatar informasjon vert utveksla med. Det går derimot ikkje fram av skjemaet konkret kva informasjon som vert overført. Enkelte av skulane etterlyste at ein fekk meir skriftleg informasjon på overføringsmøta, og at overføringsamtalene mellom barnehage og skule burde standardiserast meir.

Fleire av einingane (både skular og barnehagar) gav tilbakemelding om at ein ønska eit tettare samarbeid mellom skule og barnehage både mtp. å kunne gi tilbakemeldinga til kvarandre og deling av kunnskap. Dette går fram av kommunen sin overgangsplan (punkt 18) at det skal gjennomførast felles erfaringsutveksling for 1.klasselærerar og pedagogiske leiarar i barnehagane (1,5 time kvart år). Tilbakemelding frå einingane viste at dette i liten grad vart gjennomført.

Ein fekk også tilbakemelding på at enkelte av barnehagane ønska meir informasjon frå skulen i etterkant av overgangen (i slutten av 1.trinn) for å få informasjon om opplegget i barnehagen har vore godt eller om det er avdekka utfordringar med elevane som burde vore fanga opp i barnehagen.

#### **7.4.2 Vurdering:**

Kommunen bør vurdere om samtykkeerklæringsskjemaet bør reviderast og innehalde detaljar om kva informasjon som vert overført. Dette vil kunne bidra til at foreldre/føresette i mykje større grad vert trygge på kva informasjon som vert overført. I tillegg vil meir detaljert skjema kunne bidra til skulane sitt ønskje om meir skrifteleg og standardisert informasjonsoverføring og kan nyttast i overgangssamtalene mellom barnehage og skule.

Det går fram av planen at det skal gjennomførast hospitering mellom bhg og skule. Dette arbeidet har i mindre grad fungert og kommunen bør setje i verk tiltak slik at dette arbeidet vert prioritert ved alle einingane. Dette arbeidet kan gi både skular og barnehagar verdifull informasjon som kan vere nyttig i høve samarbeid og overgang barnehage-skule, samt kompetanseheving blant dei tilsette som deltek.

Det går fram av overgangsplanen (pkt 18) at det skal gjennomførast erfaringsutveksling mellom barnehage og skule. I den samanheng bør kommunen vurdere om tilbakemelding frå skulen til barnehagen ved avslutta første klassetrinn bør inngå her. Ei slik tilbakemelding kan vere med å heve kvaliteten i barnehagane og gi dei verdifull informasjon som dei kan ta med seg vidare i arbeidet sitt. Ved ei slik informasjonsoverføring er det viktig å skaffe samtykke frå foreldre om tilbakemeldinga krev det.

### **7.5 Samarbeid mellom barnehage/skule og foreldre/føresette**

#### **7.5.1 Fakta**

Både barnehagar og skular gjennomfører foreldremøter (samla) og foreldresamtaler og det er hovudsakeleg her ein opprettar dialog/samarbeid med foreldra. Ved bekymring eller tilvising til PPT vert det gjennomført fleire møter etter behov og foreldre og skule blir involverte i kartleggingsarbeidet til PPT.

I barnehagane har ein minimum to faste foreldresamtaler pr.år og gjerne meir om ein føler behov for det. I tillegg har ein felles foreldremøte på hausten der ein presenterer opplegget for overgangen mellom barn og skule.

Alle barnehagane uttrykte at dei hadde rutinar knytt til å innhente samtykke frå foreldra. Dette inngår også som ein del av overgangsplanen.

I samband med leksehjelp såg ein ingen rutinar knytt til informasjonsoverføring mellom den som gjennomfører leksehjelpa og foreldre/føresette. Men det blei gitt tilbakemelding på at om det skulle vere noko spesielt rapporterer den som gjennomfører leksehjelpa til kontaktlærar som vidare kontaktar foreldra.

#### **7.5.2 Vurdering:**

Alle barnehagane gav utsyn for at ein hadde rutinar knytt til å innhente samtykke frå foreldre ved overgangssamtale. Dette inngår også i dei skriftlege rutinane i kommunen.

Både skule og barnehagar har dialog og kontakt med foreldra gjennom foreldremøter og utviklingssamtaler. Einingane opplyste om at foreldre blir involvert i kartleggingsarbeidet til PPT knytt til tilvising og utarbeiding av sakkyndig vurdering.

#### **7.6 Konklusjon**

Kommunen har felles plan for overgang mellom barnehage og skule. Einingane nyttar den i stor grad og dei fleste einingane gav tilbakemelding om eit godt samarbeid.

Kommunen bør setje i verk tiltak for at hospitering mellom bhg og skule skal fungere betre, i tillegg bør kommunen vurdere om kontaktlærar i større grad bør involverast i overgangsarbeidet.

Alle barnehagane hadde rutinar for å innhente samtykke frå foreldra og dette går fram av kommunen sine skriftlege rutiner.

Kommunen bør også vurdere om samtykkeerklæringsskjemaet bør reviderast og innehalde meir konkrete detaljar om kva informasjon som vert overført.

## 8 Problemstilling 3

I kva grad tilfredsstiller PPT sakhandsamingstida som går fram av lov og forskrift?

### 8.1 Revisjonskriterium:

Lov og forskrift for PPT angir ikkje kor lang tid sakhandsamingsprosessen kan ta. ST.melding nr 18. (2010-2011) *Læring og fellesskap* anbefaler at kommunen bruker intill tre månadar på å utarbeide sakkyndig vurdering og fatte enkeltvedtak om spesialpedagogiske tiltak.

Sidan formell sakhandsamingsfrist ikkje er gitt, blir det ikkje registrert sakhandsamingstida ved landet sine PP-tenester i statistikk, Det går ikkje fram informasjon verken i GSI (grunnskolens informasjonssystem) eller KOSTRA.

#### Oppsummering:

- PPT si sakkyndige tilråding og kommunen sitt enkeltvedtak skal vere utarbeida innan tre månadar etter tilvising av barnet til PPT

### 8.2 Fakta:

#### 8.2.1 Organisering

Hareid og Ulstein har hatt PPT-samarbeid som strekk seg mange år tilbake i tid. I 2016 vart det gjennomført ei organisasjonsanalyse for PPT Volda og Ørsta. Konklusjonen i analysen var at Volda og Ørsta burde søke samarbeid med andre og fleire kommunar om PP-tenesta. Ørsta spurde då alle omkring liggjande kommunar om der var interesse for slikt samarbeid, og Ulstein og Hareid sa seg interesserte. Det vart så gjennomført sonderingar hausten 2016 om eit felles PPT for Ulstein, Hareid, Volda og Ørsta der alle kommunane etter kvart vart einige eit samarbeid etter vertskommunemodellen med kontor i Ulsteinvik. Avtalen vart gjeldande frå og med 01.08.2017

Før omorganiseringa hadde eininga 7,1 årsverk. 6,35 av desse årsverka knytt til fagstillingar og leiar medan 0,75 var merkantil. Eininga hadde 24 einingar ein jobba opp i mot før samanslåinga med Ørsta og Volda.

I dag har eininga 18,55 årsverk. 15,8 er knytt til fagstillingar, 1,75 merkantil og 1 leiarstilling. Eininger har i dag 72 einingar ein skal jobbe opp i mot.

I samband med dette forvalningsprosjektet ønskte ein også informasjon om sakhandsamingstid og kapasitet. Det blei bl.a. stilt følgjande spørsmål til PPT:

- Kor mange tilvisingar/ tilvisingar hadde PPT dei fire siste skuleåra ( -12/13, -13/14, -14/15, -15/16)?
- Kor mange tilvisingar var i grunnskulen og kor mange var i barnehage/førskule?
- Kor mange sakkyndige utredningar har PPT gjennomført dei fire siste skuleåra ( -12/13, -13/14, -14/15, -15/16)?

- Kor lang er den gjennomsnittlege sakshandsamingstida frå tilvising av førskule-/skuleelever til endeleg vedtak ligg føre?
- Kor raskt kjem ein i gong med kartleggingsarbeidet? Har kommunen hatt utfordringar siste åra med venteliste?

## 8.2.2 Tilvisingar

Nedanfor går det fram ei oversikt over totale tilvisingar dei siste fire skuleåra i Ulstein og Hareid. Dette gjeld både barnehagen, grunnskulen, vidaregåande skule og individssaker. Talmaterialet er utarbeida av PPT og ein har delt opp i individ og systemsaker.

Talet på tilvisingar			
	Individsaker	Systemsaker	Totalt
<b>2012/2013</b>	115	14	129
<b>2013/2014</b>	116	24	140
<b>2014/2015</b>	126	53	179
<b>2015/2016</b>	128	55	183

Ein registrerer ei auke i antal tilvisingar kvart enkelt skuleår. Spesielt i høve systemsaker, men også individssaker. Skuleåret 2012/2013 var det totalt 129 tilvisingar (115 individ og 14 system) medan skuleåret 2015/2016 hadde antal tilvisingar auka til 183 (128 individ og 55 system).

Vidare har ein sett meir detaljert på korleis tilvisingane fordelte seg mellom førskule, småskule, ungdomsskule og vidaregåande/vaksenopplæring. Ein fekk tilbakemelding med PPT at ein ikkje hadde oversikt over fordelingane i forhold til systemsaker, men at ein hadde oversikt i høve individssaker. Oversikta er derfor berre knytt til individssakene.

Som det går fram av oversikta registrerer ein for dei siste skuleåra at det var flest individssaker i barneskulen og i høve vidaregåandeopplæring/vaksenopplæring. Det var færrest individssaker i førskulen. Totalt såg ein ei auke i antal individssaker kvart år.

Talet på tilvisingar detaljert (individssaker)					
	Førskule	Småskule/ barneskule	Ungdomsskule	VGO/ vaksenoppl.	Totalt
<b>2012/2013</b>	11	43	32	29	115
<b>2013/2014</b>	7	39	34	36	116
<b>2014/2015</b>	10	40	27	49	126
<b>2015/2016</b>	14	41	33	40	128

## 8.2.3 Ventetid og venteliste

Tilbakemelding frå einingane i Hareid og Ulstein viste at enkelte hadde siste året opplevd lang sakshandsamingstid og venteliste (feire månadar). Enkelte einingar rapporterte venteliste på to skuleår og dermed kunne det gå over to skuleår frå skulen/barnehagen tilmeldte til at det låg føre sakkyndig vurdering. I samtale med PPT etterspurde ein oversikt

over venteliste. Ein fekk tilbakemelding om at PPT har hatt ventelister på ca 6 -8 mnd. Leiar for PPT gav tilbakemelding om at det skuldast kraftig auke i tilmeldingar frå einingane utan å auke bemanninga på PPT eller få nye arbeidsmåtar/rutinar i kommunane om kva einingane skal ta hand om sjølv i det ordinære opplæringstilbodet og ei klarare avgrensing på kva PPT skal gjere. Etter endringsprosessen frå ca feb 2017 har ventetida auka.

#### **8.2.4 Sakshandsamingstid (sakkyndig vurdering)**

Tabellen viser antal sakkyndige vurderingar gjennomført av PPT dei siste fire skuleåra. Ein såg ein markant nedgang i antal gjennomførte vurderingar for kvart

Talet på sakkunnige vurderingar	
2012/2013	174
2013/2014	158
2014/2015	107
2015/2016	89

enkelt år. I 2012/13 blei det gjennomført (174 saker) medan ein såg omlag ei halvering i antal gjennomførte saker i 2015/16 (89 saker) og 2015/16.

Når det gjeld sakshandsamingstid, (tid frå ei sak vert tilmeldt til ho er ferdig handsama) fekk ein tilbakemelding frå PPT at det er vanskeleg å gi ei oversikt over gjennomsnittleg sakshandsamingstid då ein arbeidar i prosess og prøvar ut tiltak over tid og då sakene kan vere veldig forskjellige, men at ein prøvar å halde seg innanfor 3 mnd. frå saka starta til ein konkludera.

Tilbakemelding frå skulane og barnehagane viste at i tillegg til lange ventelister opplevde mange lang sakshandsamingstid i enkeltsaker med sakshandsamingstid (over tre månader).

#### **8.3 Vurdering:**

ST.melding nr 18. (2010-2011) «Læring og fellesskap» anbefaler at kommunen bruker inntil tre månader på å utarbeide sakkyndig vurdering og fatte enkeltvedtak om spesialpedagogiske tiltak. I Hareid og Ulstein kommune har ein fått tilbakemelding frå skulane og barnehagane at det over mange år har vore lang venteliste og sakshandsamingstid. I dei verste tilfella kunne det gå to heile skuleår før det låg føre sakkyndig vurdering slik at kommunen kunne fatte enkeltvedtak. Sakshandsamingstida har derfor ikkje vore tilfredstillande desse åra.

Sakshandsamingstid kan i seg sjølv vere ein dårlig indikator på kvaliteten i tilbodet som blir gitt. En bakgrunn for dette er blant anna at eit økt fokus på systemretta arbeid og tidlig innsats er med på å gjøre sakshandsamingstida lengre, ved at det går med meir tid til utprøving av ulike tiltak i bekymringsfasen. Dette kan opplevast som at saken er «under handsaming», sjølv om den formelt sett ikkje er tilmeldt til PPT. Særlig for foreldre kan dette være med på å gi ei oppleveling av lang saksgang, samtidig som det også kan gi ei oppleveling av at ein er raskt i gong med tiltak.

Det nye PPT-kontoret har signalisert at ein vil i mykje større grad ha fokus på systemretta og førebyggjande arbeid, men dette kan ikkje gå utover sakshandsamingstida. Både Hareid og Ulstein i tillegg til no både Ørsta og Volda som inngår i den nye eininga har veldig mange

elevar/born som har krav på utredninga med omsyn til spesialundervisning. Derfor er det veldig viktig at PPT prioriterer disse sakene så raskt som råd, slik at dei som vil ha krav på enkeltvedtak får dette.

Elevane/borna har rett på tilpassa opplæring både før og under kartleggingsfasen til PPT, slik at undervisninga som blir gitt kan vere god og godt tilpassa eleven. Derimot er det slik at når det ikkje ligg føre enkeltvedtak i høve spesialundervisning har ikkje foreldre/føresette moglegheit til å klage på den undervisninga som eleven får. Det er viktig at PPT får ned både ventetida og sakshandsamingstida, samt drive systematisk og førebyggande arbeid.

## 8.4 Konklusjon

Hareid kommune har i flg. tilbakemelding frå PPT, skulane og barnehagane over mange år hatt lang venteliste og svært lang sakshandsamingstid. Venteliste på opp til 6-7 månadar og deretter ei sakshandsamingstid på over tre månader i enkeltsaker. Enkelte einingar rapporterte om enkeltsaker der den totale sakshandsamingstida (inklusiv venteliste) hadde vore på over eit skuleår.

No er Volda og Ørsta gått inn i felles PPT-samarbeid med Hareid og Ulstein og kommunane har mange born/elevar på venteliste. Det er viktig at PPT i tillegg til det systematiske og førebyggande arbeidet så raskt som råd startar arbeidet knytt til kartlegging og sakshandsaming slik at dei elevane som treng enkeltvedtak får dette.

## 9 Anbefalingar:

1. Hareid kommune har lange ventelister i høve tilvisingar til PPT. Det er viktig at det nye PPT raskt kjem i gong med handsaming av enkeltsaker.
2. PPT bør i større grad gjennomføre systemretta og førebyggjande arbeid ute skulane, og i tillegg bidra med kompetanse- og organisasjonsutvikling.
3. Kommunen har ein eldre felles prosedyre/rutineperm for born med nedsett funksjonsevne. Denne bør reviderast/oppdaterast både mht lovheimel, organisering/ansvar og innhald.
4. Overgangsplanen bør innehalde meir informasjon om korleis born som ikkje går i barnehage skal fangast opp og kven som er ansvarleg for dette arbeidet.
5. Kommunen bør i større grad enn tidlegare involvere komande kontaktlærar i overgangsarbeid/overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.
6. Kommunen bør sikre at rutinar knytt til hospitering mellom barnehage og skule vert gjennomført og prioritert.
7. Kommunen bør vurdere om samtykkeskjema bør innehalde meir detaljar om kva informasjon som vert overført.
8. Kommunen bør setje i verk tiltak for å oppfylle krava i rettleiar mht. leksehjelp (administrasjonen har opplyst om at ein no har endra praksis).

## 10 Rådmannen sin kommentar:

Når det gjeld samhandlinga med PPT ser eg at de held på førsteutkastet. Som de er kjent med gjennom tilsvarende arbeid i andre kommunar på søre så er PPT for dei 4 kommunane i eit omstillingsarbeid der auka kompetanse i skule og barnehage skal føre til at fleire blir hjelpte innafor det ordinære tilbodet. Dette ligg også i dei nasjonale føringane for PP-tenesta.  
Mvh

**Eivind Longva** | Kommunalsjef Oppvekst  
[www.hareid.kommune.no](http://www.hareid.kommune.no)